

Håpet sitt mysterium.

Ein systematisk – teologisk analyse av gravferdstalar

Wenche Lie Lysne

Rettleiar

Professor Harald Hegstad

*Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved
Det teologiske Menighetsfakultet og er godkjent som del av denne
utdanninga.*

Det teologiske menighetsfakultet, [Haust 2015]

AVH504: Spesialavhandling (30 ECTS)

Studieprogram [Cand. theol]

Forord.

Kva seier presten om håp når han forkynner i gravferder ? Dette er utgangspunktet for arbeidet med denne avhandlingen. Sidan det store fleirtal av den norske befolkning vel Den norske kyrkja si ordning for gravferd, forkynner presten til eit breiare lag av befolkninga enn t.d. på ei vanleg gudsteneste. Kva som blir forkynt i denne samanhengen er dermed aktuelt å sjå nærmare på.

Dette arbeidet har vore både gjevande og utfordrande. Det har vore avgjerande med god hjelp frå veileder prof. Harald Hegstad.

Desember 2015

Wenche Lie Lysne

HÅPET SITT MYSTERIUM.

Innholdsforteikning:

1.0. Innleiing	4
1.1 bakgrunn og motivasjon	4
1.2 problemstilling	5
2.0 Metode.....	5
2.1.Valg av materiale	5
2.2.Dokumentanalyse	6
2.3 Preik – analyse	7
3.0. Håp i teologien	8
3.1.Moltmann	8
3.2.Korset – teologien sitt utgangspunkt	9
3.3.Korset som eskatologi.....	10
3.4.Det trinitariske korset.....	10
3.5.Gud er kjærleik.....	11
3.6.Jesus sin solidaritetshandling.....	11
3.7.Jesus døydde for våre synder.....	12
3.8.Oppstoda.....	12
4.0. Gravferdstalar.....	13
4.1. Oppbygging og innleiing.....	13
4.1.1. Referat av gravferdstalane.....	14
4.2. Gudsbilete.....	19
4.2.1. Gud som skapar.....	19
4.2.2. Skaparverket, tida og medmenneska.....	20
4.2.3. Omtale av Jesu jordiske liv.....	22
4.2.4. Kven henvender prestane seg til.....	22
4.2.5. Skaping og håp.....	22
4.3. Korset.....	23
4.4. Menneskesyn.....	26
4.5. Døden.....	28
4.6. Etterlivet.....	29

5.0. Drøfting	31
5.1. Moltmann sin skapelsesteologi.....	31
5.2. Moltmann om Jesu lidning, død og oppstoda.....	32.
5.3. Moltmann sitt menneskesyn.....	33
5.4 Moltmann si forståing av døden.....	35
5.5. Moltmann og etterlivet.....	37
6.0. Samanfatning	39
Litteratur	43

1.0. Innleiing.

Den franske filosofen Gabriel Marcel, skriv at håp er eit mysterium. Når me ser korleis mennesket ved hjelp av håp som kjelde, inspirasjon, kraft og trøyst klarar å holdast ut og prøver å forandre dei mest krevjande situasjonar, så er "mysterium" eit beskrivande ord på håp (Marcel 1965).

Marcel hevdar at eit mysterium ikkje kan forklarast eller diskuterast, det kan berre levast. I gravferder møter presten menneskjer som har mista nokon som sto dei nær, og der døden er ein uvelkomen gjest uansett alder. I møte med døden blir vi avkledde og hjelpelause, og Paulus kallar døden for "den siste fiende" (I Kor 15, 26).

90% av alle gravferder i Norge blir forretta av Den norske kyrkja, dvs. at dei fleste får ei kristen gravferd (Det kongelige Kultur – og Kirkedepartementet, 2009-2010). Sidan det er so stor andel av nordmenn som nyttar Den norske kyrkja sin gravferdsliturgi tykkjer eg det er interessant å sjå på kva prestane forkynner i sine gravferdstalar. Presten møter ulike slag pårørande i denne situasjonen. Nokon er personleg kristne, nokon har si barnetru, medan andre gjer det fordi folk flest gjer det. Det som dei fleste har felles er at dei har mista nokon som sto dei nær og det kan vera ei påminning på at me alle ein gong skal dø.

I gravferder har presten mogelegheit til å forkynna til langt fleire enn dei som er i kyrkja på ei vanleg søndagsgudsteneste. Kva presten forkynner i gravferd er viktig då det er med på å påverka dei sørgjande sin sorgprosess og fordi det seier noko om Den norske kyrkja sin teologi.

I oppgåva vil eg fokusera på korleis presten forkynner håp i møte med døden, i sine gravferdstalar. Kva seier prestane til dei pårørande som har mista sine kjære ?

1.1. Bakgrunn og motivasjon.

Med bakgrunn frå helsevesenet og som prestevikar møter ein på menneskjer som har mista nokon av sine kjære. Døden er uvelkomen uansett alder. Sett "utanfrå" er desse menneskja i ein håplaus situasjon. Er desse menneskja utan håp ? Og korleis kan ein som prest formidla

håp til desse i ein gravferdstale. Dette var utgangspunktet for at eg ville sjå på kva håp som vart formidla i denne samanhengen. Som prest kan eg bli utfordra på korleis eg kan vera ein håpsberar til dei sørgjande. Presten sin teologi kjem til uttrykk i forkynninga. Denne teologien må tilpassast dei ulike kontekstar som forkynninga forgår i. Det vil t.d. vera ulikt innhald i ein tale heldt på ei konfirmantsamling og ein gravtale. Deltakarane vil og vera ulike. Nokon er aktive i kyrkja sitt arbeid, andre har eit negativt syn på det kyrkja jobbar med. I gravferder er der stor oppslutnad og kyrkjelyden er ulikt samansett, men dei har det til felles at ein av deira nære eller fjerne pårørande er gått bort.

Det som står fast er at presten er bunden av ordinasjonsløftet, å forkynna evangeliet i samsvar med bibelen sitt innhald og bekjenning og presten er bunden av det som står i gudstjenesteboka (Kirkerådet 2/2003). Gudstjenesteboka fortel generelt om kva som er det grunnleggjande i den kristne tru, det er opp til presten å forkynna håp og trøyst i den konkrete situasjon han befinn seg i.

1.2. Problemstilling.

Gravtalar viser på ein god måte korleis prestar forkynner håp til dei pårørande. Derfor valte eg dette som det empiriske materialet som best kunne belysa min problemstilling. Gravtalen kan ikkje sjåast isolert utifrå resten av liturgien, valte tekstlesingar og minnetale vil og vera med på å prega innhaldet. Då dette blir for omfattande materiale å forholde seg til, vel eg å begrensa meg til gravtalane.

På kva måte blir håp forkynt i gravferdstalar og korleis kan ein forstå dette ut ifrå Moltmann sin teologi ?

For å belysa dette vil eg foreta ein systematisk – teologisk analyse av gravferdstalar. Først vil eg gjera greie for Moltmann sin håpsteologi. For å svare på problemstillinga vil eg analysere 15 gravferdstalar med utgangspunkt i Moltmann sin håpsteologi .

2. 0. Metode

2.1.Val av materiale.

Det inngår både empiri og litteratur i materialet som vert brukt. Empirien består av dei ulike gravferdstalane som eg har samla inn. Kor mange gravferdstalar treng ein for å få ein god analyse ? Praktiske rammer set ofte grenser for kor stort omfang ein kan handtera. Dreg ein

parallellar til kvalitative intervju kan analysen lett bli overflatisk dersom omfanget er for stort og det kvalitative kan derfor gå over i ein kvantitativ meiningsmåling.

Når forskaren opplever å få ei metting på informasjon, er dette ein indikasjon på at ein har samla inn nok materiale. Kor mange intervju, eller i mitt tilfelle gravferdstalar er og avhengig av kor heterogene miljø ein samlar inn data frå. (Repstad, P 2007)

Eg har spurt prestar frå eige bispedøme om bidrag til avhandlinga, i tillegg har eg søkt etter gravferdstalar på internett.

Etter å ha samla inn gravferdstalane gjennomførte eg ein tematisk innholdsanalyse av desse dokumenta. I denne analyse har eg fokus på å oppnå auka forståing for prestane si håpsforkynning ved å beskriva og fortolka hovudkategoriane i gravtalane.

Kvar kategori er eit begrep som dekker andre begrep som naturleg kan grupperast under dette. Namnet på kategorien skal logisk kunne relaterast til data som skal representerast.

Etter å ha gjennomgått 10 gravtalar var det oppdaga 5 kategoriar. Med eit forholdsvis lite analysemateriale, vel eg å gjennomgå ytterlegare 5 gravtalar. Då dei 5 siste gravtalane ikkje identifiserte noko vesentleg nytt avslutta eg datasamlinga etter å ha gjennomgått 15 talar.

Litteraturen som vert brukt for å få fram den teologiske framstillinga av håp er Moltmann sin håpsteologi. Eg vel Moltmann fordi han er ein av dei mest innflytelsesrike teologar innan håpsteologien og fordi hans syn på eskatologien spesifikt berører min problemstilling.

Moltmann sine originale verk er på tysk, så eg forhold meg til dei engelske oversitjingane.

Vidare gjer eg bruk av sekundærlitteratur, Leer-Salvesen sin doktorgradsavhandling, Levande håp (2011). Dette er ein systematisk-teologisk undersøking av 51 prestar si forkynning ved gravferd.

2.2. Dokumentanalyse

For å belysa problemstillinga vel eg å bruka dokumentanalyse som arbeidsmetode.

Repstad (2007), ser på dokumentanalyse som *"en metode hvor visse tekster gis status av kilder eller data for selve undersøkelsen"*. Ein les eit skriftleg materiale som skal belysa den aktuelle problemstilling. Det er ein vesentleg forskjell mellom eit gravferdstalemanus og ein holt gravferdstale. Talen er ei framføring av ein tekst, ikkje manuskriptet i seg sjølv. Oppgåva er ein analyse av gravferdstalemanuskriptet. Dette seier ikkje nødvendigvis det same som den talen presten framføre i gravferda.

I denne oppgåva blir dokumentanalysen gjennomført i det kapitlet som tek for seg det empiriske materialet, dei innsamla gravferdstalane.

Eg vil også bruka analysen i det kapitlet som tek føre seg ein meir systematisk utlegning av håp. Her vil eg sjå på Moltmann sin teologiske håpsteori.

2.3. Preik – analyse.

Ei preik er ikkje berre ord, vel så viktig er korleis ord blir sagt, kven som seier dei og når. Alt dette til saman er avgjerande for korleis orda blir oppfatta. Då mitt materiale berre omhandlar det skrivne ord vil eg ikkje kunna få med meg desse forholda. Eit manus vil ikkje kunna beskriva framføringa. Derfor vil ein skriven gravferdstale ikkje vere det same som ein tale som ein har høyrte og sett.

Konteksten det heile skjer i vil og påverke situasjonen. Dei same orda kan få ulik betydning utifrå kven som seier dei og kvar dei blir sagt. Konteksten er ganske vidtomfavnande. Den handlar om alt frå hørsel og syn, til den historiske periode. Samspelet mellom tekst og kontekst gjev oss ei betre forståing av preika.

Jakobsen og Øierud (2009) meiner det kan vere lurt å ha ei kontekstsjekklister for bruk i ein preikenbeskrivelse.

Konteksten kan delast inn i fleire underkategoriar;

Situasjonskontekst seier noko om kva slags aktivitet det er, kven som deltek, og tid og stad.

Kulturkonteksten er meir omfattande og seier noko om økonomi, geografi, litteratur, musikk, med meir. Gravferdstalane blir tolka innanfor desse rammene.

Framføringa kan vera avgjerande for om ein tale eller god eller dårleg. Ein tale kan vera god i ein kontekst men fungera dårleg i ein annan. Korleis framføringa er vil vera avgjerande for kva tilhøyrarane får med seg. Den er og avgjerande for om vi vert interessert i det som vert sagt og om det er overbevisande. Det me gjer med kropp og stemme påverka det verbale uttrykket. (Jakobsen, R. Nøtvik , Øierud, G. Ljones, 2009).

Etter å ha motteke gravferdstalane leste eg gjennom dei ei rekkje gonger for so å koma fram til hovudkategoriane i talane. Eg tek derfor ikkje utgangspunkt i analyse av kvar enkelt tale, men har fokus på analysen av teologiske tema i talane.

3.0 Håp i teologien.

Kva er håp ?

I daglegtalen brukar vi gjerne "håp" om den ønskete framtida, og i same andedrag brukar vi "frykt" om den uønskete framtida. Det ukjente er ukontrollerbart og framtida kjenner vi ikkje, sjølv om vi er skapt med evne til å forventast den. (Wolff, 1975, s.149). Erfaringa frå vår fortid gjer at me kan skilje mellom ønska og uønska framtid.

I den ellefte boka i Confessions problematiserer Augustin vår vanlige forståing av at det er tre tider, fortid, nåtid og fram:

Det er overmåte klart at verken fremtid eller fortid eksisterer, og derfor er det ikke direkte riktig å si at det er tre tider, fortid, nåtid og fremtid. Det er snarere korrekt å si at det er tre tider, nåtiden av fortidige ting, nåtiden av nåtidige ting og nåtiden av fremtidige ting. Slike ulike tider eksisterer i sinnet, men ikke noe annet sted jeg kan se.

Ut frå det Augustin skriv betyr det at desse tidene berre eksisterer i våre sinn. Skal vi ha ein futurologisk holdning? Skal vi bruke vår nåtid av fortidige ting til å stilla prognosar, og spå eit sannsynleg utfall ut frå den logikk vi kan trekka ut frå vår erfaring. Problemet med dette er at me ikkje kan ha objektive prognosar og me kan heller ikkje forholde oss til fortidige fakta. Håpet vårt kan såleis alto ikkje vera objektivt og lovmessigt. Vi lever liva våre spontant i påvente av ei framtid, og vi strekkjer oss mot den utan å vita kva vi strekkjer oss mot. Me er ikkje i stand til å bestemma over alle variablar i vår eiga framtid. Dersom me fyller det kristne håpet berre med eskatologisk innhald , vil den håpande passiviserast i sitt liv her og no. Kva siktar kyrkja til når me brukar betegnelsen "håp"? Begrenser det seg til forventning om eit evig liv for dei truande, eller er det noko meir ?

3.1. Moltmann

Moltmann er født i Hamburg i 1926. Han voks opp i ein protestantisk familie. Han var krigsfange i tre år og her gjorde han seg erfaringar som vart viktige for hans teologi. Der var mykje nød og lidning. Mange av dei han møtte oppgav alt håp. Her byrja han å lesa i Det nye testamentet og han byrja å tru på Gud. Han opplevde ein medlidande Gud som gav han anledning til å håpe. Han byrja å studere teologi då han kom ut frå fangenskapet i 1948. (Jürgen Moltmann, 2012.)

Innan håpsteologi er Moltmann den mest innflytelsesrike teologen det siste århundre . Derfor er det gjort ein del forskning på hans teologi. Blant anna har Jarle Stormark gitt ut ei bok om Kropp og identitet, - og håpet om nyskapelse (2008). Stormark tek utgangspunkt i Moltmann sin skapelsesteologi og ser på betydinga av kropp og identitet i trua på lekamen si oppstoda. Kjetil Grandal (2000) har gjort ein analyse av apokatastasistanken, der han analyserer Moltmann sin håpsteologi. Begge desse verka er interessante då dei er med på å belysa dei tema egtek opp i denne oppgåva.

Korset er sentralt i Moltmann sin teologi. Moltmann formulerer ein moderne *teologia crucis*, lik Luther sin teologi, hevdar Richard Bauckham. Her ser ein korset som utgangspunkt for kristen teologi.(Leer-Salvesen 2011).

" *Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg ?*" Jesu lidingshistorie når sitt absolutte maksimum med dette utsagnet på korset. (Matt 27:46, Mark 15:34). Moltmann har stort fokus på Jesus sin hjelpelausheit og at Gud forlèt han på korset (Leer – Salvesen 2011, 196 -199).

3.2. Korset - teologien sitt utgangspunkt.

Moltmann hevdar at korset representerer ein "teologisk motsigelse". På den eine sida kastar oppstandelsen eit forklarande lys over korshendinga; me må bekjenna at den korsfesta Jesus er både Gud sin son og den lova Messias. Samtidig meiner Moltmann at ein må ta Jesu rop på korset heilt bokstaveleg; på korset er Gud sin eigen son blitt forlaten av Gud. I følgje Moltmann er all teologi eit forsøk på å gje svar på dette spørsmålet:

Jesus som forkynte at riket var nær, døydde forlaten av Gud. Han som forventa ei framtid med Gud og utan vonde makter, han døydde hjelpelaus på ein kross. Krossen er utgangspunktet (Leer – Salvesen, 2011,s-187).

Moltmann har ei dialektisk forståing av korset. Den innbefattar både Jesu liding og død, men ogso oppstandelse og seier. Jesu liding gjev teologisk meining i lys av oppstandelsen samtidig som oppstandelsen gjev teologisk meining ved Jesu liding og død. Oppstandeshåpet blir meiningslaust utan korshendinga. Denne dialektikken kjem tydeleg fram i Moltmann sine to bøker; "*Theology of Hope*" og "*The Crucified God*". Desse to bøkene har ulike fokusering på

den same korshendelsen og utgjer ikkje noko motsetningar. Det er i Jesu lidning og død at håpet får sitt kristne innhald. Oppstandeshåpet er nøye saman bunde til korsteologien (Leer-Salvesen, 2011, s.187-188).

Det teologiske fundament i det kristne håp er oppstandelsen av den korsfesta Jesus. Håp utan å erindra Jesu oppstoda er ein illusjon, erindring utan håp fører til resignasjon.

(Moltmann, *The Crucified God* 1993, s.4)

Dette, hevdar Moltmann, skil det kristne håpet frå å vera ein utopi.

3.3. Korset som eskatologi.

Korshendinga gjev mennesket del i løfte om at døden er overvunnen og mennesket får del i eit løfte som knyt oss til framtida, det komande gudsriket. Det framtidige har teologisk forrang framfor nåtida og fortida. " *From first to last, and not merely in the epilogue, Christianity is eschatology, is hope, forward looking and forward moving, and therefore also revolutionizing and transforming the present*". (*Theology of Hope* s.16).

Korshendinga er ikkje berre ei historisk hending, men er i tillegg den avgjerande eskatologiske hendinga.

Kristen eskatologi som heilheit omfattar ikkje bare eit påvente av Gud si framtid i Kristus, men han snakkar om eskatologien sin "forløpigheit". Denne "forløpigheit" gjev mennesket del i eit løfte ved korshendelsen som binder oss til framtida, til det komande gudsriket.

Gjennom styrken av nåden har Kristus brote synda si makt. Så i Kristus er vi faktisk allereie forsona med Gud, men vi fortset å leva og døy i ei uforløyst verd, og i denne verden ser me med lengsel etter den nye skapningen. (*The Coming of God*, s.104)

Moltmann sin kristendomsforståing let eskatologien bli kopla saman med kristologien, eskatologien handlar såleis ikkje berre om "læra om dei siste ting". Håpet eller løftet om framtida er med på å revolusjonere nåtida (Leer-Salvesen, 2011). Utan Jesus si lidning og død ville det ikkje eksistera noko kristent håp. Moltmann sin eskatologi er berebjelken i heila hans teologi.

3.4. Det trinitariske korset.

Moltmann si treeingheitslære er relasjonell, med korset som utgangspunkt og viser til implikasjonar dette har for både relasjonen mellom Gud og menneske og mellom menneske. Han ser på Den Heilage Ånd si handling i skapinga, men i forbindelse med skapinga vegrar han seg for å knyta dette til Gud Faderen. Den Heilage Ande er Gud sin pust, *shekinah*, som ein del av alt det skapte. Dette viser at heile treeinigheita var delaktig i skapinga, og det gjev ei pneumatologisk fortolking av skapinga. Den pneumatologiske fortolkinga av skapelsen er noko han ha kome fram med etter å ha vorte kritisert for å leggja for stor vekt på forholdet mellom Faderen og Sonen. Alikevel har han hatt fokus på den treeinige Gud gjennom heile sitt forfattarskap. (Leer – Salvesen, 2011).

Moltmann si treeinigheitslære legg vekt på relasjonen innad i treeinigheita. Moltmann hevdar det er eit for sterkt fokus på ein monoteistisk Gud. Dei tre guddommelege personane lever saman med kvarandre, for kvarandre og i kvarandre. Korshendinga er forenlig med treeinigheitslæra, i tillegg er korset treeinig og treeinigheitslære er gjennomført korscentrert (Leer-Salvesen, 2011).

3.5. Gud er kjærleik.

Hjå Moltmann er Gud kjærleik i seg sjølv, jamfør 1. Johannes 4.8.

" 'God is love'. In other words, God does not just love as he is angry, chooses or rejects. He is love, that is, he exists in love in the event of the cross". (The Crucified God 1993 s.244).

Moltmann hevdar at kjærleiken ikkje kan sjåast på som eit attributt som vert tillagt Gud, men Gud er kjærleik i seg sjølv. At Gud er kjærleik er avhengig av det relasjonelle fellesskapet innad i treeinigheita. Det fremste kjenneteiknet på Guds vesen er kjærleiken og ikkje Gud si allmakt. Guds kjærleik går ut over seg sjølv, den er alltid til for andre. Ogso innad i treeinigheitsfellesskapet lever dei tre personane for kvarandre i fullstendig kjærleik. Ut frå dette hevdar Moltmann at ein monoteistisk Gud ikkje kav vera kjærleik. Moltmann hevdar at Gud sin sjølvbegrensing har som konsekvens at Gud treng verda. Dette er ikkje ein svakheit, men heller teikn på ekte kjærleik då begge partane går inn i eit avhengighetsforhold til kvarandre (Leer-Salvesen, 2011,s. 193)

3.6. Jesus sin solidaritetshandling.

"Min Gud, min Gud kvifor har du forlate meg"? Matt 27,46. At Gud er ein medlidande Gud er

eit viktig poeng for Moltmann

Er det Gud sjølv, i betydinga Gud Fader som lider på korsen eller er det berre Sonen som lider ? Moltmann hevdar at både Faderen og Sonen lider på korset. Faderen lider fordi han mister sin son og Sonen lider både fordi han døyr og fordi han blir forlaten av Gud Fader.

Moltmann er møtt med kritikk for sitt syn på dette punktet.

Kritikken mot Moltmann er at han ikkje tek på alvor det trinitariske perspektivet som går ut på at Gud ikkje kan delast, det vil sei at Gud og Fader aldri var reelt åtskilt. Men Moltmann snakkar både om ein separasjon og ei foreining. Sonen er forlaten og Faderen mister sin son, men samtidig er dei forente i kjærleiken og viljen. Det vert og hevda at ein slik oppfatning ber i seg at det er Gud sjølv som er årsak til lidinga, og dermed blir Han ein sadistisk Gud. Det vert peikt på fleire utfordringar i Moltmann sin teologi; Jesus sitt utsegn som eit uttrykk for Jesu følelse av å bli forlete, Moltmann tolkar det som om han faktisk blei forlaten. Sonen må gå igjennom ei liding som ingen andre har, han blir verkeleg gudsforlatt. Men begge lider, Sonen er forlaten av Faderen og Faderen er forlaten av sonen, men dei er likevel foreina i kjærleiken. (Leer-Salvesen 2011: 195-196).

3.7. Jesus døydde for våre synder.

Moltmann hevdar at korsdøden er ein sentral del av Jesus sin fresegjerning. Han døyr for våre synder men samtidig understrekar han at frelsesbegrepet omhandlar meir enn syndsforlatelse. Mennesket i seg sjølv er syndar og kan ikkje sjølv gjera noko frå eller til med den situasjonen. Men då Jesus tok menneskjene sin plass gav det mogelegheit for mennesket å ha ein relasjon til Gud.

Det framtidige har forrang i Moltmann sin teologi. Hans forståing for syndeforlating er alltid retrospektiv medan Jesus si liding, død og oppstoda viser framover mot noko heilt nytt.

Frelsa blir meir enn tilgjeving for syndene. Gudsriket blir noko vesentleg nytt, og ikkje berre ei gjenoppretting av paradiset, slik det står skrive om i genesis. Moltmann har like mykje fokus på solidaritetsaspektet som syndstilgjevinga. Fleire teologar hevdar at Moltmann har for mykje fokus på solidaritetsaspektet og dermed for lite på syndstilgjevinga. Leer – Salvesen meina at dette ikkje er tilfelle. Han ned tonar ikkje syndstilgjevinga, men framhevar solidaritetsaspektet (Leer-Salvesen, 2011,s.201-201).

3.8. Oppstoda.

“Christianity stands or falls with the reality of the reising of Jesus from the death”. (Theology of Hope s.165). Det kristne framtidshåpet har sitt utgangspunkt i trua på oppstoda. Det er både ei historisk og ei eskatologisk hending. Den er historisk ved at Jesus verkeleg sto opp og eskatologisk ved at den gjev menneske framtidshåpet, dei får del i løfte om at døden er overvunnen.

Ved oppstoda får mennesket del i eit løfte om å overvinna døden, men i denne verda er lidinga og døden samtidig ein realitet. Moltmann hevdar at håpande menneskjer aldri må forsona seg med liding og død. Korshendinga blir ein protest mot døden samtidig som den inneheld eit trøsteaspekt. Den korsfesta Gud er alltid avhengig av den oppstadne Gud for å vera trøstande (Leer-Salvesen 2011,s.204-205).

4.0. Analyse av gravferdstalar.

4.1. Oppbygging og innleiing.

I motsetning til forkynninga under søndagsgudstenesta, står presten fritt til å velga tekst, sjølv om det i gudstenesteboka står at det skal vera ein kort tale over ein av dei oppleste skriftorda eller over ein annan høveleg tekst. Kva som er høveleg er det ikkje sagt noko om. Det er ogso gitt anbefalingar av homiletikarar om kva ein gravferdstale bør innehalda. Skjevesland meina at forkynninga generelt bør vera sentrert om påskefesten sin tematikk, det vil sei forsoninga, Jesus som vant over døden og håpet om det evige liv for dei som trur på han. (Skjevesland, 1981).

Det er allmenn praksis at presten møter dei pårørande før den aktuelle gravferda. I Gudstenesteboka vert det anbefalt at det vert oppretta ein slik kontakt så fort som mogeleg etter dødsfallet.

I denne samanheng er det ein samtale om gravferdsliturgi, salmar, minnetale og presten kan her gjere seg opp ei meining om kva tekstar han vil nytta i den aktuelle gravferd og korleis gravferdstalen skal skrivast.

Denne oppgåva er begrensa til berre å sjå på gravferdstalane så eg har derfor ikkje noko oversikt over kva skriftlesingar prestane har valt, anna enn det som kjem fram i gravferdstalen og her kan ein anta at det er ein samanheng.

Manuskriptet si lengde ligg på halv annan til to A4 sider, to av talane er på ei side og ein er

på tre sider. 8 av talane har eit klart hovudtema gjennom heile talen. 4 av talane har og eit hovudtema men dreg og inn andre tema i talen. 3 av talane omhandlar kristne tema, som dåpen, utan å ta utgangspunkt i eit bibelvers.

Gravtalane har ulik innleiing men det er to måtar som går igjen. Talen startar med eit sitat eller ein klar henvisning til ein bibeltekst eller det vert sett eit direkte fokus på den avdøde. Fleire av desse henvisningane viser til tekstar frå punkt åtte i gravfedsliturgien. Der presten startar med fokus på den avdøde kjem han tilbake til bibeltekstar. Eit døme på dette er:

” I denne kyrkja vart NN døypt, han vart konfirmert og han gifta seg her. I dag skal me følgja han på si siste reis. Som eg leste under tekstlesinga; Alt har si faste tid.” (Nr.1).

Dei hovudkategoriane eg kjem fram til er ; Gud, korset, mennesket, døden og etterlivet. Før eg går i gang med å analysere dei fem kategoriane vil eg gje eit kort referat frå kvar andakt der eg framhevar dei formuleringane som i særleg grad belyser problemstillinga.

4.1.1. Referat frå andaktane.

Når eg viser til gravtalane i undersøkinga vil eg henwise til nummer på gravtalen, td.nr.1.

Nummer 1. Brukte skriftlesing frå liturgien.

Utdrag: Der er det ei erkjenning av at det er ei makt og ei kraft som held alt saman....

”Alt skapte han fagert i si tid. Jamvel æva har han lagt i hjarta deira.” Gjennom livet er der ei livskraft som fortset etter at hjarta har slutta å slå, - evigheten. Korleis me lever liva våre mellom fødsel og død er svært forskjellig. Nokon lever kort, andre lever lenge.

Når nokon blir døypt og når nokon vert gravlagd blir det lese det same bibelverset i begge situasjonane; ”Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstoda frå dei døde!”

Det er denne evigheita Jesus avslører då døden ikke har makt til å binda han til grava.

Nummer 2. Brukte Salme 10, 14.

Utdrag: Gud ser deg. Han veit kva du tenkjer og kva du grublar på.

Og so står det at han tek det i si hand.

Når nokon mister motet, får vi andre prøve å minne dei om lyspunkta, om at det ALLTID er eit håp.

Gud vil gje oss von. Vi har fått eit håp: Jesus stod opp frå dei døde. Jesus har sigra over døden si makt. Og han vil at me og skal halda motet oppe, tru på han og ta vare på vona om det evige liv.

Nummer 3. Brukte Salomos ordspråk kapittel 8.

Utdrag: Jeg lekte på hele hans vide jord skriver Salomo, om Gudesønnen, om Skaperen som i urtiden var til stede da Gud skapte himmel og jord.

Det er sorg og tristheit som samler oss her i dag. Men kyrkjerommet er ikke bare et rom for sorg, tristhet og tomhet. Det vigslete rommet er også et sted hvor det forkynnes tro og håp. Alle de som Far gir meg,.....vil jeg aldri støte bort. For jeg er kommet ned fra himmelen for å gjøre det han vil, han som har sendt meg. Og det han vil, er at jeg **ikke** skal **miste** noen av alle dem han har gitt meg, men reise dem opp på den siste dag.(Johannes evangelium kap.6) Dette er vår kristne tro, dette er vårt kristne håp.

Nummer 4. Tir nà Noir.

Utdrag: Vi vil ikkje dø, vi vil leve evig. Vi vil ikkje at de rundt oss skal dø.

Det finnes alltid et håp og ei fremtid. Men det håpet og den dagen må gripes.

Eg kan ikkje annet enn å håpe at der finnes noe etter at døden har tatt meg bort fra denne verden. Åpenbaringen skriver det så fint; "Se, eg gjør alle ting nye." Eg er meg og eg er sterk. Og eg lever i evigheit. Eg lever i meg sjølv og eg lever i Gud. Og eg kjem til å leva i minnene til mange den dagen eg går bort. Og den dagen eg går bort, så vil der koma ein som gjer alle ting nye."

Nummer 5. Brukte 1. Kor. 13.

Utdrag: Å miste noen av sine kjære er vanskelig. Vi som mennesker knytter oss til andre mennesker gjennom sterke bånd som vi ikke plutselig kan gi slipp på når mennesker forsvinner.

Jeg tror på en Gud som er kjærlighet. En Gud som er med oss alltid, som beskytter oss og som støtter oss når vi har det vondt.

Det eneste vi vet er at døden er en del av livet.

Det handler om å tro på seg selv. Tro på de rundt ein. Og tro på Gud som beskytter, som livgiver og befrier.

Det handler om håp. Håp for et liv som stabler seg på bena, håp for å kunne møte de man har mistet igjen en gang.

Nummer 6. Nå er livet gjemt hos Gud. Svein Ellingsen sin salme.

Utdrag: Det er det same som blir lese i skriftordet ute på grava; "Lova vere Gud vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde". – livet er gøymt hjå Gud.

Me overgir alt til Gud – vår skaper, med den forvisning om at "ingen er glemte av Gud".

Nå overgir vi alt til ham og til håpet om oppstandelsen.

Nummer 7. Godt å få kvila når kreftene dovnar. Trøytt etter årelangt slit og strev. Godt i den evige kvila å sova, me ynskjer deg alle, kvil i fred.

Utdrag: NN vart 95 år , har hatt eit langt liv og med skrantande helse siste året ynskta alle at ho no skal få kvila.

Å Herre, eg er din tenar, ein tenar og son til di tenestekvinne. Du har løyst mine lenkjer. Gud har omsorg for oss. Gud har alltid vore dei svake sin forsvarar, dei fattige sin trøystar og hjelper, og Gud har vernet om livet. Det er dyrebart i Herrens auge, det kostar vår skaper mye når ein av hans egne har det vondt og lider.

"Ja dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre." 1.Joh 4,10.

Evangeliet er det glade budskapet om at alt dette har Jesus gjort for oss av bare kjærleik da han døde på korset.

Nummer 8. Brukar Johannes Openbaringa 21.

Utdrag: Sjå eg gjer alle ting nye. Og denne setninga bærer i seg mykje håp. Denne setninga åpner på en måte litt opp. Det er lov å håpe på at Gud skal gjøre alle ting nye. Og kanskje dette håpet kan være med på å bære dykk gjennom den tyngste sorgen? De opplever sorg og smerte no, men de bærer også på mange gode minner. Disse minna må de ta vare på og løfte fram for kvarandre

Det er viktig å ta savnet og smerten på alvor, det er viktig å ta vare på alle minna og det er viktig å firtsatt leita etter dei små glimta av Guds kjærleik. For Gud sier fremdeles: " Sjå, eg gjer alle ting nye".

Nummer 9. Salme ” I din hånd, Herre Gud, er mine tider.

Utdrag: David vitner om sin tro på en Gud som har gitt våre liv en mening, en hensikt. Senere kom en som på en særlig måte har gitt oss mening; Jesus. Jesus viste oss den kjærlighet som aldri kan glemme oss uansett hvordan livet arter seg. Gud vil gi oss en tro på ham til å leve våre dager med frimodighet og en dag dø med frimodighet.

Nummer 10. Forkynnen 3.

Utdrag: Alt skapte han fagert i si tid. Jamvel æva har han lagt i hjarta deira.

Kvar gong vi er i ei gravferd, vil Gud minna oss om at Jesus har vunne over døden si makt.

Trygghet er et ord som følger oss fra vugge til grav, trygghet er også nøkkelord i vårt forhold til Gud. Gud er fra evighet til evighet. Han har alltid en åpen favn vi kan søke trøst hos. Guds fremtredende egenskap er hans kjærlighet til oss, en kjærlighet som er enda større enn den menneskelige kjærlighet. Han var villig til å gi sitt liv for vår skyld. Han døde frivillig for oss. Jesus Kristus sto opp frå dei døde påskedags morgon.

Han kjenner oss og gir oss håp for morgendagen fordi hvert liv er dyrebart i Guds øyne. For enten vi lever eller dør, hører vi Herren til.

Nummer 11. Johannes 3, 17. ”Gud sendte ikke sin Sønn til verden for å dømme verden, men for at verden skulle bli frelst ved han”.

Utdrag: Slik har Gud alltid vore dei svake sin forsvarar, dei fattige sin trøystar og hjelpar og Gud har verna om livet. Det er dyrebart i herrens auge, det kostar mykje når eit menneske døyr. Livet er forskjellig for oss mennesker. For Gud er det ingen forskjell. Uansett hvilken livssituasjon vi er i, har vi samme verd.

Det finnes ikkje eit menneske Jesus ikkje døydde for på korset. Jesus vant over døden og ved å tru på han har vi håp om eit evigt liv.

Det handlar om å tru på seg sjølv. Og å tru på Gud som ein beskyttar og som ein som tek seg heim til seg.

Nummer 12. Aldri alene.

Utdrag: Vi blir aldri gløymt av han som skapte oss, og som gav oss dette livet. Gud held livet samen. Vi blir aldri anonyme; overlatt til oss selv. Guds trofasthet består gjennom livet og

døden. Livet byr på flere gåter enn klare svar.

Han kjenner oss og gir oss håp for morgendagen for hvert liv er dyrebart i Guds øyne. Ta avskjed i dag i tro, håp og kjærlighet. Gud befridde sin egen sønn frå døden.

Nummer 13. Romerbrevet 13.14."Kle dere i Herren Jesus Kristus.

Utdrag: På denne kalde haustdagen så veit vi alle at det kjem ein vår der alt spirer og gror som eit bilete på det håp som Bibelen peikar på for oss. Håpet om ein ny himmel og ei ny jord, der det ikkje er sorg og ikkje skrik og ikkje pine. I en tid med forandring er det en som ikke forandres. Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid. Kirkens ærende i verden er å si til mennesker at Kristus er den samme. Hans oppstandelse fra de døde betyr noe avgjørende for alles tilværelse.

Tenk på dåpskjolen. Vi kler oss etter det mål vi skal nå. Dette skal minne oss om renhet. Han gav sitt liv for at han ville velsigne oss. Gud sin velsignelse tek ikkje slutt, den varer til evig tid.

Nummer 14. Ingen lever for oss sjølv. Ingen døyr for oss sjølv.

Utdrag: det er ei stor sorg når nokon forlet oss. Vi har vore gjennom ei tid fylt av sorg. Gud er med oss alltid, han beskytter oss og støtter oss når vi har det vondt. Guds hånd vil alltid vera der. Han har sjølv opplevd alt. Men Guds kraft bar igjennom til nye dagar. Ein dag skal det skje, den store oppstandelsen, alle gravvene skal åpnes, legemet bli reist opp igjen. Da er vi for evig hjemme hos Gud.

Nummer 15. Johannes 3.16.

Utdrag: Gud har skapt oss i sitt bilete og me kan ha håp om eit fellesskap med han.

NN viste å nytta skaparverket i fulle drag. I bibelen les me om at bak denne skapinga står det ein skapar.

Jeg er veien...Menneskets vei kan og vere tung, med sorg og tap. Men en ting har han lovet oss. Vi skal ikke behøve å gå den veien alene. Han vil vere sammen med oss. Han vil støtte oss når vi er trette og hjelpe oss å bære når børen blir tung. Ja han spisser det faktisk enda mer til: Han er ikke bare sammen med oss på denne veien, han er selve veien. Med sitt liv og sin død la han en ny vei; en vei ikke bare til grensen. Veien stopper ikke ved dødens grense. Målet er på den andre siden. Og det er ingen endeløs søvn vi er kalt til, men evig liv, evig

samfunn med Gud.

Evangeliet er det glade budskap om at alt dette har Jesus gjort for oss av bare kjærleik då han døde på korset.

4.2 Gudsbilete.

Korleis framstiller prestane Gud i dei aktuelle gravferdstalane. Dette dreier seg om kven dei hevdar Gud er, til dømes allmechtig. Kva seier dei om Gud sine gjerningar og kva Gud gjer for menneska. I analysen av dette vil eg fyrst sjå på skaparverket, tida og medmenneska. Så vil eg analysera korleis Jesus sitt jordiske liv vert omtala i gravtalane. Og kven henvender prestane seg til når dei snakkar om Gud som skapar. Og til slutt vil eg sjå på forholdet mellom skaping og håp.

4.2.1. Gud som skapar.

I Luther si store katekisme og Confessio Augustana blir den opprinnelege skapinga og den fortsette skapinga trekt inn i omtalen av Gud som skapar. Moltmann talar om den opprinnelege skapinga, den historiske skapinga og endetida si skaping; nyskapinga (Kap. 3.2). Skapelsesteologi er i denne samanheng tema der ein ser på Gud som skapar og oppretthaldar (Confessio Augustana, oversett av Einar Molland, 1953).

Fleire av talane omtalar Gud som skapar. Gravtale Nr. 1 har i innleiinga " Alt skapte han fagert i si tid. Jamvel æva har han lagt i hjarta deira." Forkynnaren 3. Denne bibelteksten som og vert nytta i fleire av talane, viser tydeleg til Gud sin opprinnelige skaping.

Der prestane omtalar den opprinnelege skapinga snakkar dei om Gud og Gud vår skapar (nr.1,3 og 6). Den historiske skapinga er ikkje så tydeleg. I tale nr.2 står det at Gud ser deg,....og tek det i si hand. Det er Gud som har ein aktiv rolle i opprettholdinga av skaparverket.

Felles for omtalen av Gud er at han vil det gode, det er han som står bak skaparverket og det er han som opprettheld livet. I tale nr.7, ."og Gud har verna om livet", dette er ein Gud som fremjar livsvilkåra. Tale nr .15 beskriv ein Gud som er med oss og følger oss på vegen. Han er sjølve vegen. Dette er fordi vi skal føla oss trygge og at han passar på oss.

4.2.2. Skaparverket, tida og medmenneska.

Gud er den som ber menneskje gjennom livet. Gud vert framstilt som den som vil livet, han som står bak alt det skapte og, som ein opprettholdar og som binder alt saman. " Dette forholdet knyter mennesket saman med gudsriket. " Eg vil gje dykk framtid og von!", Jer 29,11 " , Sjå eg gjer alle ting nye." " Slik har Gud alltid vore dei svake sin forsvarar, dei fattige sin trøystar og hjelpar og Gud har verna om livet. Det er dyrebart i Herrens auge, det kostar vår Herre mykje når eit menneske dør." Dette viser Gud si omsorg for og opprettholdelse av skaparverket, samtidig som det visar til den fortsatte skapinga.

Dei gravtalane som refererer til den opprinnelige skapinga refererer til Gud Fader. Gud blir omtala som skapar ved at det er han som vil livet, det er han som står bak alt det skapte og det er han som opprettheld livet. Ein prest skriv dette; " Vi blir aldri gløymt av Han som skapte oss, og som gav oss dette livet. Gud held livet saman."

Jesus er ikkje trekt inn i dette materialet og det er ingen samankopling mellom Den Heilage Ånd og skapinga i dei analyserte gravtalane.

I omtale av skaparverket/naturen vert det i fleire av gravtalane vist til områder der avdøde likte å vera, slik som hytta eller faste fjellturar. Dette avspeglar eit positivt forhold til naturen og kan gjev ei positiv framstilling av Gud, sidan han står bak alt det skapte.

" Gud er som ein vegvisar som viser oss kva sti som er best å gå på. Ingen kjenner skaparverket slik som Han. Han veit om alle stega våre og Han er stor nok til å ta vare på oss", tale nr.2. Dette viser ei samankopling mellom naturen, Gud, mennesket og gudsriket. Det kan og sjåast i samanheng med den teologiske tanken om Gud sin pust, jmf. Kap.3.4. " På denne kalde haustdagen så veit vi alle at det kjem ein vår der alt spirer og gror som eit bilete på det håp som Bibelen peikar på for oss. Håpet om ein ny himmel og ei ny jord, der det ikkje er sorg og ikkje skrik og ikkje pine", nr. 13. Dette blir eit bilete på endetida si nyskaping. Denne nyskapinga framstiller ikkje naturen som berre god, men her blir den brukt slik at den skal gje håp om at den nye himmel skal vera ei motsetning til det som vert opplevd som vanskeleg i dag. Dette kjem fram der presten skriv at der er ikkje sorg, skrik eller pine.

Gravtale nr.15 omtalar forholdet til skaparverket slik; " NN viste å nytta skaparverket i fulle

drag. I bibelen les me om at bak denne skapinga står det ein skapar". Her får me i positiv framstilling av skaparverket og dermed av Gud som skapar. Dette kan i neste omgang sei oss noko om Gud

Fleire av gravferdstalane vektlegg tida. Blant anna skriv ein; " Korleis me lever liva våre mellom fødsel og død er svært forskjellig. Nokon lever kort, andre lever lenge", nr.1. Dette gjev uttrykk for ei utryggheit i forhold til livet medan det ber i seg eit framtidshåp.

"Eg er meg og eg er sterk. Og eg lever i evigheit. Eg lever i meg sjølv og eg lever i Gud. Og eg kjem til å leva i minnene til mange den dagen eg går bort. Og den dagen eg går bort, så vil der koma ein som gjer alle ting nye", nr. 4. Dette gjev uttrykk for at me er avhengige av tida, ingen veit kor lenge me får leva på denne jorda. Me er og avhengige av at Gud er med oss i denne tida. Omtalen av tida er forbunden med utryggheit og me er avhengige av at Gud vernar om oss. I tale nr 2 står det;" Gud ser deg. Han veit kva du tenkjer og kva du grublar på. Og so står det at han tek det i si hand". Forholdet til tidsbegrepet er utrygt, men ved at *Gud tek det i si hand* kan ein ha eit positivt forhold til tida.

Medmenneskeaspektet kjem og fram i gravtalane, ved at ein takkar for det som avdøde har vore. I tale nr 8, skriv presten slik; " De opplever sorg og smerte no, men de bærer også på mange gode minner. Disse minna må de ta vare på og løfte fram for kvarandre".

Skapelsesteologisk er medmenneska framstilt som Guds gode gåve. Dette finn me igjen i 1. Trusartikkel i Luther si store katekisme. Der står det blant anna;

"Om skapelsen. Han gir meg også klær og sko, mat og drikke, hus og hjem, ektemake og barn, åker husdyr og alle gode ting." Denne positive omtalen av skapinga gjev eit positivt bilete av det dennesidige. Gud blir omtalt som skapar av livet i positiv forstand, og ikkje som skapar av det vonde. Ein prest skriv at me veit alle at me ein gong skal døy, men at Gud tek vare på oss ogso i jorda sitt arkiv, tale nr.6. Denne gravtalen omtalar Gud som den som vil livet, men Gud er med oss gjennom døden. Sjølv om Gud vert omtalt som den som vil livet vert han likevel omtala positivt når døden har inntruffe. Ein takkar for det som Gud har gjeve sjølv om sorga over den døde er stor.

I fleire av gravtalane blir Gud sine skapareigenskapar beskrivne saman med Guds kjærleik. Mennesket kan føle seg trygge i at Gud passar på skaparverket sitt og mennesket spesielt.

"Vi blir aldri gløymt av han som skapte oss, og som gav oss dette livet." Ein anna prest skriv;

” Vi kan sitte i kirkebenkene og bare være til. Være tilstede. Bare tenke: Eg er til. Eg er skapt. Eg er elsket.” Ein vektlegg at Guds kjærleik har ein positiv innverknad på mennesket sitt liv.

4.2.3. Omtale av Jesu jordiske liv.

Gravtalane sin omtale av Jesu jordiske liv er omtala i forbindelse med lidinga og døden som solidaritetserklæring, jamfør kap.3.6. Jesus lider med i kjærleik, gudskjærleiken utelukkar ikkje lidinga. Gud er medlidande på grunn av den kjærleik han har til det skapte. Ein prest seier det slik;” Evangeliet er det glade budskapet om at alt dette har Jesus gjort for oss av bare kjærleik da han døde på korset”, tale nr.7. Det vert ikkje trekt fram spesifikke trekk ved Jesu jordiske liv men brukar inkarnasjonen for å belysa Gud sin kjærleik til menneska. Den blir og brukt til å framheva verdien av vårt jordiske liv, ” For så elska Gud verden ...” tale nr.15. Gud sendte sin eigen son til oss for å frelsa oss, det er ein bekræftelse på at det jordiske livet er verdifullt.

4.2.4. Kven henvender prestane seg til.

Dei fleste av gravtalane henvender seg til menigheita i 1. person fleirtal når det vert forkynt skapelsesteologiske Gudsbilete. ” Det er ei stor sorg når nokon forlèt oss. Vi har vore gjennom ei tid fylt av sorg.” Dette er ei inkluderande tiltaleform som henvender seg til alle. Vidare står det; ”Gud er med oss alltid, han beskyttar oss og støtter oss når vi har det vondt, ” tale nr 8. Vidare i same andakten henvender presten seg til ei lita gruppe av pårørande. ”Desse minna om den gode bestefaren må de ta med dere vidare. De bærer på mange gode minner”.

Tale nr.2; ”Når nokon mister motet, får vi andre prøve å minna dei om lyspunkta.” Her er ogso ein inkluderande henvendelse. Den tek og høgde for å få med seg dei som ikkje er, eller føler seg inkludert.

4.2.5. Skaping og håp.

Gud som skapar og oppretthaldar blir brukt for å forkynna håp. Gud vil livet og han har i sin kjærleik omsorg for det han har skapt, ” ikkje en spurv til jorden....”, tale nr.6. Håpet vert forkynt i vi-form og har dermed ein allmenngyldig karakter, ein henvender seg til alle som er i gravferda. Dette håpet vert hovudsakeleg retta mot dei pårørande sitt notidige liv. Dette er ikkje eintydig men kan sjåast ut frå at det blir vektlagt at Gud har omsorg for, og følgjer mennesket gjennom livet.

Det vert og forkynt håp av ein hinsidig karakter. Her er håpet både for dei pårørande og den avdøde. Ein prest som talar over 1.Kor 13 avsluttar talen slik: " Men midt i alt som skjer er der ei livskraft som alltid har vore til, og som alltid vil vera til, - evigheita," tale nr. 1. Her vert det vektlagt eit fellesskap med Gud som varer ut over dette livet. Dette kan tolkast som ein samanheng mellom skapinga og gudsriket og at det gjev ein hinsidig håpsforkynnelse.

Der prestane omtalar Gud som skapar, framstiller dei Gud på ein måte som at han *vil* livet. Dette er inkluderande ved at det vert forkynt i vi-form. Det henvender seg til alle som er i gravferda og eventuelt avdøde.

Håpet vert i stor grad knyta til framtida ved at det går igjen i fleire gravtalar at Gud har omsorg for mennesket gjennom heile livet. Dette er retta mot dei pårørande i dag og dagane som kjem; "Gud har skapt oss i sitt bilete og me kan ha håp om eit fellesskap med han ."

Sjølv om NN har gått bort er det fortsatt eit fellesskap mellom menneska og Gud. Det sterke fokuset på Guds omsorg for menneska gjer at gravtalane sin skapelsesteologi får ein dennesidig karakter ved at den i så stor grad henvender seg til dei pårørande.

Men det er eksempel på at Gud som skapar gjev håpet ein hinsidig karakter, " Vi blir aldri gløymt av han som skapte oss, og som gav oss dette livet. Sjølv ikkje i døden, sjølv ikkje da overlates vi til intetheten, her blir vi tekne vare på inntil oppstandelsen sin morgen" , tale nr.6. Dette kan tolkast som at presten her vektlegg samanhengen mellom skapinga og gudsriket. Dette er eit håp som vert formidla både for dei pårørande og avdøde.

4.3. Korset.

Gudstenesteboka (2002) nemner Jesu død og oppstoda som sentrale element å tala over i gravferder. Dei pårørande, vil ein og anta, er oppteken av spørsmål som er knyta til Jesu død og oppstoda. Det er ikkje mogeleg å tenkja seg kristendomen utan korset.

Ni av gravferdstalane omtalar korshendinga, og nokon koplar dette til presten si forkynning om håp. Korshendinga blir framstilt som ei solidaritetserklæring. Gud ser menneskjer som lider og som har det vanskeleg i og med Jesu liding og død på korset. Det vert presentert vanskelege sider ved menneskelivet for deretter å framstille guddommens liding. Dette kan oppfattast som ei med-liding. Jesus si liding på korset vert framstilt som den største solidaritetserklæring Gud kan gje til mennesket. Denne lidinga foreinar Gud og mennesket. Ein prest viser til Salme 10 som seier noko om at Gud veit korleis vi har det.

"Du ser både ulukke og sorg, du ser det og tek det i di hand. Den verjelause kan gje seg over

til deg,.....du er hans hjelper,” tale nr.2.

Presten trekker fram medlidande gudebilette for å få fram solidaritetsaspektet, ein kan leggja det ein ikkje maktar å bera på over i Guds hender.

Nokon av gravferdstalane gjev ei open formulering av korsdøden.

” Kvar gong me er i gravferd, vil Gud minna oss om at Jesus har vunne over døden si makt. Jesus Kristus sto opp frå dei døde påskedags morgon. Døden er som å vera inne i mørke fjellet. Men Jesus har sprengt ein tunnel gjennom døden ut til det evige livet,” tale nr.2. I dette ligg det ein frelsesbetydning.

I gravferdstalane som tek utgangspunkt i Johannes 3:16 presiserer to prestar at sonen døydde for ”menneska si skuld”. Dette kan tolkast som han døydde for oss eller at han døydde for noko som vi var skuldige i. Dette kan vere for våre synder, men det blir ikkje brukt ordet synd. Det treng ikkje å vise til våre synder, eller så kan det vise til ”for vår skuld”, der blant anna våre synder er medrekna. Dette kan i staden visa til korsdøden sitt forløyssande eller forsonande element.

Gudskjærleiken blir framheva i omtalen av korsdøden. Presten som siterar Johannes 3:16 framhevar formuleringa ” så høgt har Gud elska verda”. ”Evangeliet er det glade budskap om at alt dette har Jesus gjort for oss av bare kjærleik då han døde på korset. Det er ei tydeleg vektlegging av kjærleiksaspektet i denne gruppa. Presten hevdar at Gud veit om alt som skjer med menneska og han lider med ved at Jesus døydde på korset. Sjølv om lidinga kan liggja implisitt i omtalen av korshendinga så er det ikkje nokon av gravtalane som seier direkte at Sonen døydde for våre synder.

I andre trusartikkel i Luthers lille katekisme er Sonens død ”for våre synder” i fokus og det har ein solid forankring i protestantisk teologi. Dette er prestane lite konkrete på i gravtalane, men i staden så tillegg dei det ein positiv verdi for den truande. Ein får ei dreining frå korsdøden til mennesket sitt trusvalg.

Der det vert forkynt håp i forbindelse med at Jesus døydde for vår skuld så er dette hovudsakeleg av hinsidig karakter. ” Han gav sitt liv for at han ville velsigne oss. Gud sin velsignelese tek ikkje slutt, den varer til evig tid”.

Sjølv om dette håpet vert forkynt til alle er det likevel eksklusivt kristent, i og med at det vert gjeve til dei som tek imot evangeliet.

Omgrepet oppstoda blir nytta på to måtar. Det blir forkynt både om Jesus si oppstoda og menneske si oppstoda.

”Gud tek vare på oss her på kyrkjegarden . Her i ”jorda sitt arkiv” blir våre liv og vår personlegheit teke vare på inntil oppstandelsen sin morgon”, tale nr.6. Dette representerer ein seier over døden og dette er avgjerande for at menneske kan ha håp.

1 Peter 1:3 kjem og inn under seiersmotivet. Ein av prestane fokuserer på at bibelverset både er ein del av dåpsliturgien og gravferdsliturgien. ” Når nokon blir døypt og når nokon blir gravlagd blir det lese det same bibelverset i begge situasjonane.” Bruken av seiersmotivet viser at prestane brukar oppstoda i håpsforkynninga.

For å forstå håpsforkynninga er det avgjerande å analysere Jesu oppstoda, ogso det som dreier seg om menneskesyn, døden og etterlivet.

Sto Jesus opp frå dei døde påskedags morgon eller blei han vekt opp frå dei døde ? Kven er den aktive part; Faderen eller Sonen ? Ein prest skriv ” Kvar gong vi er i gravferd, vil Gud minna oss om at Jesus har vunne over døden si makt. Jesus Kristus sto opp frå dei døde påskedags morgonen.” I dette manuskriptet er Sonen den aktive part.

Ein annan prest formulerer seg slik; ” men Gud befridde sin eigen Son frå døden”. Her er det Gud som er den aktive part.

Jesus sin seier over døden er i fleire av talane avgjerande for at menneske kan ha håp, ” Jesus døydde. Jesus vann over døden”. Oppstoda gjev menneske håp, og i det ligg at me ikkje kan ha håp utan det som skjedde påskedags morgon.

Seiersmotivet går igjen i fleire av talane og dette viser at prestane brukar oppstoda i håpsforkynninga. I tale nr. 1 som brukte 1.Peter 1:3 blir gjenfødelsen tolka i eit tradisjonelt luthersk dåpssyn. Dersom dette vert brukt avslutningsvis i gravferdsliturgien blir dette ytterligare forsterka. Dei prestane som viser til Jesus si oppstoda, direkte eller indirekte gjev talen eit vendepunkt, då handlinga tidlegare i talane omhandlar døden. Dette framhevar betydninga som oppstoda har som håpsberande element i talane.

Det håp som prestane forkynner er av ein hinsidig karakter. ”Gjennom livet er der ei livskraft som fortset etter at hjarta har slutta å slå;- evigheita.”

Den tydeligaste framstillinga av eit liv etter døden er der døden kjem i direkte forbindelse med omtalen av Jesus si oppstoda.

”Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har født oss på nytt til ei

levande von ved Jesu Kristi oppstoda frå dei døde. Det er denne evigheita Jesus avslører då døden ikkje har makt til å binda han til grava, ” tale nr.1.

Denne presten har i tillegg til eit hinsidig håp ogso eit dennesidigt håp. Dette håpet strekker seg frå livet og gjer seg gjeldande inn i det hinsidige.

4.4. Menneskesyn.

I dette kapitlet skal eg gjera greie for menneskesyna i gravtalane og korleis omtalen av mennesket er med på å forma håpsforkynninga.

Fleire av gravtalane startar med ein omtale av avdøde, for så å knyte dette opp mot teologiske tema. ” Ein god far og bestefar” eller ” i dag er me samla for å følge NN til den siste kvilestaden”. Avdøde blir berre nemnt i korte formuleringar i innleiinga eller avslutninga utan at avdøde, pårørande eller andre relasjonar blir nemnt ellers i gravtalen. Det er dei teologiske tema som får fokus i dette materialet og ikkje avdøde og pårørande. I 5 av gravtalane blir ikkje avdøde nemnt, den blir heller ikkje knyta opp mot nokon spesiell stad eller situasjonar som kan knyttast opp mot avdød sitt liv. Det kan virke som desse andaktane er meir generelle og derfor kan nyttast i andre begravelsar.

I Den norske kyrkja sitt gravferdsritual er det fokus på den avdøde, dette kan vera med å bidra til eit positivt menneskesyn. Det vert halde eit minneord om den avdøde, og den avdøde kan bli nemnt i skriftorda og i gravtalen. Dette er med på å gje kvart menneskeliv ein verdi. Som tidlegare nemnt så framhevar Gud alt det skapte og han har omsorg for kvart menneske, ”For så elska Gud verda....” Så stort og viktig er menneskelivet at han gav sin eigen son for oss.

I gravtalane vert det forkynt at Gud elsker skaparverket og han har ei spesiell omsorg for menneskja. Ein prest skriv; ” Ingen av oss lever for oss sjølv, og ingen døyr for oss sjølv”. Dette viser eit fokus på relasjonane mellom Gud og mennesket, og menneska imellom. ”Gud ser kor de sørgjer, kor de saknar NN. Stolen hans er tom men de har kvarandre. Dette fellesskapet er viktig for oss menneskjer. Me må stå saman i sorga. Midt oppi dette er Gud stor nok til å ta vare på oss”.

Guds kjærleik til menneskja går igjen i fleire av gravtalane. Gjennom formuleringa som ”han tek vare på oss” viser dette til at fellesskapet blir tillagt ei stor betydning. Dette fellesskapet er

og til stades på gravferdsdagen då presten formidlar Guds kjærleik til dei pårørande.

Prestane brukar ulike formuleringar som kan knytast til teologiske termar som å vera skapt i Guds bilde. Det er gjennomgåande i fleire av gravtalane at der er ein sterk kjærleiksdimensjon mellom Gud og menneskja.

Det syndige menneskje er ikkje nemnt i gravtalane. Men det kan vera utsegn som er ei form for omskriving av syndsbegrepet; ” i ei verd som ser mørk og trist ut, vil han lysa for oss og minna oss om at han har sigra over døden si makt.”

Syndsbegrepet vert omtale i forbindelse med korshendinga og den henvender seg til oss og ikkje enkeltmenneskje. Dette kan gjere til at syndsbegrepet ikkje skil mellom menneskjer men framhevar at me alle er syndige menneskjer.

Dette er vel kanskje ei ”innpakka” omtale av syndsbegrepet men det kan bli for belastande og snakka om synd i forhold til enkeltmenneskje i ei gravferd. I staden kan det omtalast som begrensingar. Begrensingar kan sjåast på som eit onde. Ein prest som skriv om at me alle skal døy og at dette er grunnleggjande livsvilkår viser til at Gud tek vare på oss etter at hjarta har slutta å slå. Denne begrensinga gjeld oss alle og kan vere med på å forsterke fellesskapsorienteringa. Denne begrensinga har me ikkje skuld i sjølve men er ein del av livsvilkåra våre, og viser at mennesket er avhengig av Gud. Begrensing er ein felles forutsetning som alle menneskjer lever under.

Alle gravtalane inneheld tema som omhandlar vår kristne tru. Det vert ikkje sagt noko direkte om enkeltmenneskje si tru. Er det slik at håpet vert retta mot alle menneskjer eller er det berre mot dei kristne ? I dei gravtalane der dåpen vert omtala kan ein sjå dette i samanheng med trusbegrepet. Me får del i trua gjennom dåpen og får fornya og stadfesta den gjennom trua på Jesus Kristus. Dette er heilt i tråd med Luther sitt syn på dåpen. Ein prest som visar til 1.Peter 1:3 skriv at det er det same verset me brukar når me vert døypte som det som vert brukt her i gravferda. Dåp og gravferd blir brukt for å vise til inngangen og utgangen til mennesket sitt liv. I denne delen av gravtalen er det tydeleg at presten henvender seg til dei som er døypte. Medan han i innleiinga henvender seg til alle som er tilstade og som kjente avdøde.

I nokon av gravtalane er dåpen knyta opp mot håpet . Dette kan både vere eit dennesidig og eit hinsidig håp. ” Han gjev oss fred i tunge stunder og velsignar oss slik han gjorde den dagen me blei døypte”, dette er eit dennesidigt håp, medan 1.Peter 1:3 ” et levende håp ved Jesu Kristi oppstandelse frå de døde” gjev eit hinsidig håp. Trua si betyding for det

dennesidige er spesielt betydningsfullt i møte med svært vanskelige dødsfall. Ein gjev håp og trøyst for dei komande dagane. Trua blir i begge variantane eit positivt lada begrep og det er ein moglegheit menneskja har på tross av døden og sorgsituasjon som dei er i.

Menneskesyna er gjennomgåande relasjonelle i talane. Det er relasjon mellom Gud og mennesket, og mennesker imellom som er i fokus.

4.5. Døden.

Døden er omtala tidlegare under gudsbilete men eg vil likevel gjera ei meir inngående analyse av prestane sin omtale av døden i gravtalane. Dette heng og saman med omtalen av etterlivet som eg skal omtala i neste kapittel. Død kan dreie seg om kvar enkelt sin refleksjon rundt det å døy eller det er ein refleksjon rundt det at nokon andre har døydd.

Døden er omtala i alle gravtalane men det er ulike måtar å omtala den på ;

- Når vår tid er omme
- Hjarta slutta å slå
- NN forlet oss
- Da NN gjekk bort

To av gravtalane omtala avdøde konkret , medan dei fleste omtala døden som eit eksistensielt tema. I begge tilfelle er døden ei beskriving av ein overgang til noko anna. Kor vidt håpsbegrepet er til stades her kan virka noko usikkert. Formuleringa ”gjekk bort” viser til at døden er ein overgang til noko anna. Dette kan gje håp der overgangen er til noko positivt. I gravtalen nr.2 der presten skriv ; ”Han kjem imot oss frå den andre sida, frå himmelriket og seier: Eg vil gje dykk framtid og von!”

I samband med korshendinga har det kome fram at seiersmotivet er sentralt i samband med Jesu oppstoda. Det er ein kamp mot døden mellom mennekjer og Gud, der Gud har makt til å vinna over døden.

Fleire prestar skriv om døden at det er noko me fryktar ; ” Dødens makt, den er vel kjent for alle menneskjer. Alt er slutt av det jordiske da. Døden har ei slik makt at den tek ifrå oss alt på denne jord.” Denne frykta er reell. Dei sørgjande har nettopp mista nokon av sine kjære, samtidig er det ei påminning på at me alle skal døy ein dag. Forholdet til døden kan og vera angstprega. Me veit ikkje kva som ventar oss på den andre sida. Dette er ein naturleg reaksjon, me opplever uro for det ukjente.

Ingen av gravtalane tek føre seg døden sitt opphav. Den blir ikkje framstilt som om den er

forårsaka av mennesket eller ei vond makt. Synd vert ikkje brukt som nokon årsak til mennesket sin dødelegheit. Djevelen er ikkje omtala i nokon av gravtalane, det er Gud som vert framstilt som han som vil livet. Døden blir beskriven som ein del av livsvilkåra.

Døden kan og opplevast som ein befriar. Gravtale nr. 7 startar slik;

”Godt å få kvila når kreftene dovnar,

Trøytt etter årelangt slit og strev.

Godt i den evige kvila å sova, me ynskjer deg alle,

Kvil i fred !

NN vart 95 år, har fått eit langt godt liv og med skrantande helse siste året ynskjer alle at ho skal få kvila.

Dette er livets gang. Alikevel etterlet ho seg eit tomrom og eit sagn og hennar næraste, slekt og venner

sørgjer over hennar bortgang.”

Her vert det hevda at døden fører noko godt med seg, no skal ho få kvila. Likevel vert den sorgtunge avskjeden framheva. Dette viser at døden ikkje vert omtala som berre positiv. I denne gravtalen var NN 95 år. Derfor er det ”godt å få kvila”. Denne formuleringa ville ikkje passa inn på ein ung person, med mindre denne hadde eit komplisert sjukdomsforløp. Fleire av gravtalane har skreve om at den oppstadne Jesus Kristus har vunne over døden. Dermed blir døden si makt begrensa.

”Ein dag skal det skje. Den store oppstandelsen. Alle gravene skal åpnes, legemet blir reist opp igjen. Da er vi for evig hjemme hos Gud,” nr.10. Gud blir framstilt som sterkare enn døden. Døden er fortsatt ein fiende og seieren over døden får ein eskatologisk karakter. Håpet vert ikkje knyta til døden, men vert forkynt i møte med døden og gjev håp til ei framtid som enno er ukjent for mennesket.

4.6. Etterlivet.

Her vil eg ta føre meg korleis etterlivet blir omtala i gravtalane. Dette vil dreie seg om korleis presten omtalar menneske si oppstoda og korleis relasjonane mellom Gud og menneske, og menneska imellom vert omtala.

Trua på eit liv etter døden heng saman med at Jesus sto opp frå dei døde.

”Det finnes ikkje eit menneske Jesus ikkje døde for på korset. Jesus vant over døden og ved å tru på han har vi håp om eit evig liv.”

”Sjå eg gjer alle ting nye. Denne setninga frå Johannes openbaring bærer i seg mykje håp.

Det er kanskje den viktigaste setninga som vert lest her i dag ? Denne setninga gjev oss eit

håp om at noko ventar oss etter dette livet”.

Dette viser ein samanheng mellom korshendinga og menneske si oppstoda. Dette gjev mennesket eit håp om eit evig liv. Forkynninga av oppstoda er det mest sentrale ved håpsforkynninga. Ingen av prestane går inn på om det er ein lekamleg eller åndelig oppstandelse. Men det vert i nokon gravtalar samanlikna med ein fødsel men heller ikkje her kjem det fram om det er ein kroppsleg eller åndeleg oppstandelse.

Sjølv om prestane viser til ei hinsidig oppstoda vil dette ha betydning for det dennesidige og. Det kan gje håp til dei pårørande om at dei ein gong skal møtast igjen, sjølv om ikkje noko av gravtalane omtalar denne gjenforeninga med sine kjære.

Det er ulike omgrep knyta til etterdøden. Himmel vert brukt i fleire av gravtalane og fleire av gravtalane viser til Joh.Op.21: 1-5a. Ny himmel og ny jord, ”gudsriket” og ” den andre siden”. Alle desse formuleringane peikar fram mot eit hinsidig tilvære. Gjennomgåande kan ein sei at presten har korte formuleringar om etterlivet. Dei omgrepa som dei brukar har som regel ein sterk teologisk tradisjon, og ein finn dei i det bibelske materialet, slik som Joh. Op 21:1-5a og Matteus 28: 1-10. Det kan virke som prestane er litt forsiktige i å utbrodere etterlivet og let eventuelt skriftlesingane som omhandlar dette tala for seg. I etterlivet viser prestane til ein relasjon mellom menneska og Gud.

” Det handlar om å tru på seg sjølv. Og å tru på Gud som ein beskyttar og som ein som tek seg heim til seg”. Det kjem fram i gravtalane at prestane ikkje kjenner etterlivet men kan omtala det som ”å koma heim”, ”Guds favn” ”og evig liv”. Det som går igjen er at mennesket kjem i eit fellesskap med Gud . Men dette involverer og medmenneska.

Det handlar om å tru på Gud og at livet vinn over døden.

Omtalen av etterlivet er sentral for å forstå gravtalane sin håpsteologi. På ulike måtar vert det forkynt eit håp om eitt liv etter døden.

Kven er det som får dette håpet ? Dette håpet kan bli gitt til heile forsamlinga ; ” Gud ser det og tek det i si hand. Det betyr at vi kan leggja alt i Guds hender.” Dette ser eg på som ei inkluderande håps forkynning som involverer alle. Gud ser deg (alle) og tek det i si hand. Dette vil omfatte både truande og ikkje-truande.

Nokon gravtalar gjev håpet til dei truande. ” Det fins alltid eit håp og ei framtid. Men det håpet må gripes. ” Her er det forkynt eit håp til dei som trur. Håpet om etterlivet er knytt opp til menneske si tru. Gravtalane kan og henvende seg til alle i byrjinga av gravtalane

men når dei nærmar seg håpet om oppstoda er dette håpet berre retta mot dei truande. Dette skillet kan og koma fram i tekstlesinga. Joh 3.16. Der denne vert lesen innleiingsvis har ein allereie ekskludert dei ikkje-truande. Kor vidt dette påverka gravtalen er uråd og sei noko om i denne samanhengen.

Kva skjer med dei som ikkje trur? Blir dei evig fortapt eller oppnår alle frelse? ”Men, midt i alt som skjer er der ei livskraft som alltid har vore til, og som alltid vil vera til. EVIGHEITA.” Dette er ei open formulering, men kan tolkast som at denne livskrafta er alle i besitteles av og det er ikkje nokon som blir fortapt. Ikkje nokon av gravtalane snakkar om fortapinga som ein mogelegheit, men nokon av dei henvender seg til dei truande utan at fortapinga vert omtala. Gravtalane er forsiktige i sine formuleringar om fortapinga og kva som skjer med dei ikkje-truande. Men korleis dei ikkje-truande opplever forkynninga om det evige liv veit ein ikkje.

Generelt tolkar eg gravtalane dit hen at dei forkynner håpet om forsoning med Gud. Dette er ei forsoning for alle og at det ikkje er tenkt at det skal vera eit skilje mellom truande og ikkje-truande. Forkynninga er til alle.

5.0. Drøfting.

I dei føregåande kapitla har eg analysert gravtalane med utgangspunkt i desse hovudtema; Gud som skapar, korset, menneske, døden og etterlivet. I dette kapitlet vil eg drøfta desse tema opp mot Moltmann sin teologi.

5.1. Moltmann sin skapingsteologi.

Som tidlegare omtala hevdar Moltmann at Den Heilage Ande er Gud sin pust, som ein del av alt det skapte. Heile treeingheita var delaktig i skapinga, og det gjev ei pneumatologisk fortolking av skapinga. Det trinitariske gudsfellesskapet er allereie frå skapinga av ein kjærleikshandling der det skapte får del i det guddommelige fellesskapet. Gravtalane skil seg frå dette då dei hovudsakeleg omtalar Gud Fader som den som skapar. Ikkje nokon av gravtalane knyter dette direkte opp mot Den Heilage Ande, men gravtale nr.2 kan sjåast i samanheng med den teologiske tanken om Guds pust, jmf. Kap.3.4; ” Gud er som ein vegvisar som viser oss kva sti som er best å gå på. Ingen kjenner skaparverket slik som Han. Han veit om alle stega våre og Han er stor nok til å ta vare på oss”. Dette viser ei samankopling mellom naturen, Gud, mennesket og gudsriket. Moltmann ville sjå på denne

omtalen i gravtalane som eit i for stor grad monoteistisk gudebilete. Gud er i seg sjølv relasjonell, og det relasjonelle aspekt er ikkje eitt av fleire aspekt ved Gud, heile treeinigheita var delaktig i skapinga, jmf. Kap. 3.4.

Likskapen mellom Moltmann og gravtalane går på at dei vektlegg skapinga som ein kjærleikshandling og fellesskapshandling som knyter skaparen og det skapte saman. Moltmann forklarar dette fellesskapet ved hjelp av pneumatologien og ved denne er Gud med-lidande allereie frå skapinga av. I nokon av gravtalane kjem dette fram ved at prestane seier at Gud lider med dei som har det vondt. Både prestane og Moltmann snakkar om ein med-lidande guddom utan å trekka inn korshendinga.

Prestane omtalar Gud som skapar som dennesidig. Moltmann omtalar skapinga som eskatologisk med løfte om eit gudsrige. Men nokon av gravtalane strekk seg fram mot etterlivet;” Gjenom livet er der ei livskraft som fortset etter at hjarta har slutta å slå, - evigheten.” Her blir skapinga og evigheita knyta saman og har likheitstrekk med Moltmann sin eskatologiske skaping.

Når det gjeld gravtalane sin omtale av Jesus sitt jordiske liv, lider han med i kjærleik. Prestane snakkar om sonen som medlidande,” alt dette har Jesus gjort for oss av bare kjærleik då han døde på korset”, men dei beskriv og Gud som medlidande. Dette har dei til felles med Moltmann, men han ville trekke inn Guds pust.

Håpet som blir forkynt i gravtalane er mest av ein dennesidig karakter, det vil sei at det vert forkynt til dei pårørande. Moltmann ser på skapelsen som ein eskatologisk hending. Eg vil alikevel hevde at det er teikn til noko av denne forkyninga i tale nr. 1; ” Gjenom livet er der ei livskraft som fortset etter at hjarta har slutta å slå,-evigheten”. Her blir livet (skapelsen) og evigheita knyta saman på ein måte som er forenleg med ein eskatologisk skapelsesteologi.

5.2. Moltmann om Jesu liding, død og oppstoda.

Moltmann har korset som utgangspunkt for ein kvar kristen omtale av Gud. Korshendinga omfattar oppstoda i tillegg til Jesu liding og død, og den korsfesta Kristus er sjølv kriteriet for arbeidet med kristen teologi.

Gravtalar som omhandlar Jesu liding og død, framhevar betydinga av Gud sin kjærleik og omsorg for menneskja. Korshendinga blir framstilt som ei solidaritetserklæring. Denne Gudskjærleiken er vendt mot menneska. Denne gudskjærleiken er lik hjå prestane sine

gravtalar og Moltmann sin teologi. Men gravtalane reflektera ikkje over den indre-trinitariske kjærleiken. Både prestane og Moltmann vektlegg ein relasjonell tilnærming mellom Gud og mennesket og dei har større fokus på gudskjærleiken enn t.d. Guds helligheit, allmakt eller vrede.

Håpsforkyninga i samband med Sonen si liding og død vert hovudsakeleg forkynt i vi-form. Jesus døydde for våre synder vert forkynt som ei solidaritetserklæring. Prestane forkynner eit håp til menneske som har mista ein av sine kjære og det er tenleg å vektleggja den medlidande Gud. Moltmann tolkar korshendinga både som ein solidaritetserklæring og som ein død for våre synder. Likevel vil eg anta at Moltmann vil tolke lidinga og døden som ei solidaritetserklæring i møte med pårørande i gravferd. Håpet som prestane forkynner er hovudsakeleg av dennesidig karakter, då dei henvender seg til pårørande

Oppstoda har ein sentral plass i prestane si håpsforkynning. Den utgjer eit vendepunkt, og fungerer som eit vendepunkt i gravtalen. Seiersmotivet står her sentralt då oppstoda representerer ein seier over døden. Denne oppbygginga finn ein og i gravferdsliturgien der oppstoda vert tematisert. Fleire av gravtalane forkynner eit håp utan å nevme korshendinga. Dette er ikkje i samsvar med Moltmann sin håpsteologi som er sentrert rundt korshendinga, Jesu liding og død må alltid sjåast i samanheng med oppstoda, ei dialektisk tilnærming. Det må likevel seiast at ein kort gravtale ikkje kan omfanga så mykje og treng ikkje vera mangelfull sjølv om den ikkje snakkar om korshendinga. På den andre sida trur eg Moltmann ville sett på den som mangelfull.

5.3. Moltmann sitt menneskesyn.

Moltmann beskriv mennesket som ein jordskapning, og med dette gjev han det ei likheit med resten av skaparverket (Leer-Salvesen, s.227, 2011). Men han hevdar vidare at det er eit fellesskap mellom Gud og mennesket, mellom menneskjer og mellom mennesket og skaparverket. Denne tredelinga samanliknar han med gudsrelasjonane i treeinigheita. Dette finn ein igjen i gravtalane. Både prestane og Moltmann omtalar mennesket som relasjonsvesen. Det er dei relasjonane som mennesket befinn seg i som er avgjerande for kva dei er. Menneskesynet i gravtalane er gjennomgåande relasjonelle og både avdøde og pårørande får mykje omtale i fleire av talane. Likevel er der ein sterk forkynnelse med fokus

på den medlidande Gud

Gravtalane presenterer mennesket som eit tofoldig vesen, det vil sei at dei omtalar forholdet mellom Gud og mennesket, og menneska imellom, og i den grad naturen vert omtala er det i form av at avdøde var glad i å gå på fjellet, eller at han likte seg på hytta. Gravtalane fortel om nokon som har mista sine kjære eller dei fortel om korleis Gud lider med dei.

Moltmann har ein tre-foldig relasjon då naturen ogso er med. Grunn til at prestane snakkar så lite om naturen kan vera at dette allereie er "brukt opp" i minnetalen.

Moltmann ser på det syndige menneske som eit begrensa menneske ved at det er isolert frå Gud. Mennesket ynskjer å vera usårbar og udødeleg, dette er ei forneking av mennesket sine livsbetingelsar, noko som gjev menneska dødsangst. Moltmann karakteriserer dette som eit gudskompleks, der ein har eit ønskje om å vera gud og dermed udødelig. Dette fører til håplausheit og resignasjon då mennesket innser at dei ikkje er udødelige. Han definerer synda som motsetninga til håpet. Moltmann koplar ikkje døden til synda. Ein konsekvens av dette synet er at døden ville ha vore ein realitet sjølv om mennesket ikkje hadde synda. Det er ikkje mennesket som bærer ansvaret for døden si makt. Det er og problematisk då synda har eit retrospektivt preg noko som er i strid med Moltmann sin eskatologiske teologi.

Moltmann har eit samansett syn på forholdet mellom mennesket og synd og menneskelige lidningar. Han hevdar at menneske si synd ikkje kan forklarast med menneskelege lidningar. Fordi dersom menneskeleg lidning vert forklart med menneskeleg synd vert det ei utvisking av skiljet mellom overgripnar og offer. Men han ser synda som ei påført begrensing utanfrå. Det Moltmann og gravtalane har felles er at dei omtalar mennesket som begrensa og i den samanheng kan synda vera innfletta. Mennesket si syndigheit er meir fremtredande innan protestantisk teologi, (Leer-Salvesen,s.228,2011).

I gravferdskonteksten så prøver prestane å forkynna håp og trøyst til dei pårørande. Dette samsvarar med Moltmann sitt syn på Gud som med-lidande. Det er Gud som vert stilt til ansvar for korleis han let ulike lidningar skje. Det er det som har mest fokus og mindre fokus på omtalen av det syndige mennesket som treng frelse. Gravtalane har same innfallsvinkelen. Dei forkynner om ein Gud som ser dei og forstår korleis dei har det. Synd blir i mest sett på som ei begrensing ved mennesket, enn som eit opprør mot Gud. Dette er nokso samanfallande hjå prestane og Moltmann, men det må seiast at det skil seg ut frå eit

tradisjonelt protestantisk syn på synd.

Håp og tru er nært saman bundne i Moltmann si forståing av den kristne tru. Trua fører mennesket til Kristus, medan håpet åpnar for Kristi framtid. Håpet opnar opp for det framtidige. Men desse to begrepa er gjensidig avhengige av kvarandre. Det vil sei det vil ikkje vera noko håp utan tru, og den kristne tru blir ikkje noko utan eit håp for framtida. Trua på den oppstadne Kristus er det som gjev håpet eit kristent innhold.

Både prestane og Moltmann fokuserer på betydinga av den kristne tru. Begge fokuserar på trua si betyding i det dennesidige liv, og at den gjev mennesket håp i forhold døden.

Prestane fokuserar og på at trua fører til eit evig liv medan Moltmann har eit anna syn på frelse som eg skal koma tilbake til. Dette synet kan gjera det vanskeleg å få tak i kva trua betyr for han. Men begge partar meina at trua er viktig for det dennesidige liv og nært knyta opp mot håpet. Ingen tru, inga håp.

5.4. Moltmann si forståing av døden.

I Moltmann sin teologi heng døden nært saman med gudsbilete og menneskesynet og her vil eg forsøka å belysa omtalane av døden i lys av Moltmann sin håpsteologi, korleis han ser på forholdet mellom døden og håpet. Moltmann fokuserer i stor grad på menneskeleg lidning, ogso lidning knyta til eigen og andre sin død. Han har som tidlegare nemnt ein relasjonsorientert teologi. Dette gjeld og døden der han brukar begrepa relasjon og isolasjon i omtalen av livet og døden. Dette må sjåast i samanheng med hans forståing av triniteten og spesielt Den Heilage Ande, der Den Heilage Ande er livgjevaren. Døden kjem inn som eit vendepunkt til dette livet.

I gravtalane blir og døden framstilt som eit vendepunkt. Der blir ikkje døden omtala som ein fiende som rammar kvar enkelt av oss, men det har ei dreining mot den avdøde. Men den kan verta omtala som ein fiende i kraft av at den tek fra oss ein av våre kjære. Døden har eit inngrep i mennesket sine relasjonar. Slik er døden som relasjonsbrot ein fiende, og dette finn ein igjen i gravtalane og hjå Moltmann. I følgje Moltmann vil fokus berre på eigen død føre til isolasjon, og det gjer mennesket overflatisk og likegyldig, og dette er fordi han framstiller livet som eit liv i fellesskap. Slik eg ser det har gravtalane ei forkyning som støttar opp om Moltmann si framstilling av livet, dei har eit relasjonsorientert fokus på døden. Likevel må det seiast at prestane har eit meir praktisk forhold til døds problematikken då dei anvende det i

ein konkret begravelsessituasjon. Moltmann har ei meir teoretisk tilnærming, men han fokuserer i stor grad på menneskelege lidningar som er knyta til eigen og andre sin død. Me lever ikkje liva våre for oss sjølve og vi døyr heller ikkje for oss sjølve. (The Coming of God 2004, s54).

I følgje Moltmann er døden Gud og mennesket sin fiende, men han ser ikkje på kampen for å overleva som noko som gjev livet meining. Han kritiserer legevitenenskapen på 70-talet for at dei i alt for stor grad fokuserer på livsforlengande behandling. Dette hevdar han går på bekostning av tema som livskvalitet og verdigheit. Han meiner at både helsevesenet og pårørande må sjå på døden som ein del av livsvilkåret. Moltmann tek eit oppgjær med samfunnet sin tabuisering av døden, der dei døyande blir skyvd til sides i samfunnet. (The Experiment Hope,1975 s. 169). Moltmann hevder at livsforlengande behandling kan skada pasienten og pårørande i større grad enn den fysiske døden i seg sjølv.

I gravtalane kjem det og fram at døden kan vera ein befrier, "godt å få kvila" der avdøde har hatt eit langt sjukdomsforløp i tillegg til høg alder. Men både Moltmann og gravtalane kan og sjå på døden som ein fiende der det er tungt å ta avskjed med sine kjære.

Moltmann tek avstand frå forklaringa av at syndefallet er årsak til mennesket si dødelegheit. Døden ville vera ein realitet utan at mennesket hadde synda, då tilintetgjeringa er ein del av skapinga. Likevel hevdar han at døden ikkje er ein naturleg del av skapinga. Den er ikkje gudvilja, menneskeskapt eller naturlig. Dette forklarar han med kristendomen sitt eskatologiske håp. Dette synet finn ein igjen i gravtalane. Det er ikkje nokon av prestane som forsøker å forklare døden som gudvilja eller som eit resultat av at mennesket har synda. Spørsmålet om kvifor Gud tillèt død og lidning kan få stor plass sidan det ikkje vert omtala. Moltmann forklarar ikkje døden, men ved korshendinga får mennesket løfte om å overvinna døden. Gravtalane forklarar heller ikkje døden men snakkar om gudsriket under ulike benevningar. Det vil vere trua som befri ein frå dødsfrykta og håpet kan sjåast på som ein protest mot døden. Det er ingen som "vil døden". I den grad prestane nemner døden er det i samanheng med det kristne håp. Døden er eit vendepunkt, og i og med at det vert knytt opp mot håpet er det grunn for å tala realistisk om døden.

"Sjå eg gjer alle ting nye."" Dere som sit her i kyrkja i dag opplever sorg og smerte. De har mista ein som sto dykk nær, ein som alltid har vore der, ein som har vore med på å prega liva dykkar. Og no er han død. Me kan ikkje vita noko sikkert om hva som venter oss etter dette livet. Men denne setningen åpner litt opp."

I denne gravtalen blir det brukt benemninga døden og tydeleg kopla saman med framtidshåpet. Sjølv om omtalen av døden ofte er innpakka i vårt samfunn så er det likevel brukt i nokon av gravtalane. Det kunne vera interessant å sjå på kven som omtalar døden direkte, kanskje er det ein samanheng med kor fortroleg presten sjølv er med den. Dersom presten er fortroleg med døden og snakkar direkte om den til dei pårørande vil det kunna vera til hjelp i sorgprosessen. Dette finn ein igjen i Moltmann sin håpsteologi, der eit kristent håp gjev trøyst og hjelper pårørande gjennom sorgprosessen. Ein kan dermed hevda at dersom ein snakkar opent om døden og forkynner eit kristent håp , så har dette ein sorgterapeutisk virkning.

Prestane forkynner eit håp på tross av døden. Døden vert framstilt som ein fiende mot både menneske og Gud. Men døden si makt blir likevel begrensa då Gud blir framstilt som den som overvinn den. Det som er vanskelegast er relasjonsbrota som oppstår på grunn av døden. Dette viser same relasjonelle trekk i gravtalane som hjå Moltmann

5.5. Moltmann og etterlivet.

Her vil eg sjå på korleis andaktane sin omtale av etterlivet kan samanliknast med Moltmann sin teologi.

Moltmann vektlegg ei positiv betyding av dommen. Det er Jesus som er dommaren og han dømmer etter kjærleiksloven som og omhandlar fiendekjærleiken. På grunn av Gud sin relasjon til korshendinga, gjer dette til at det ikkje er noko fordømming av menneska.

Moltmann sitt håp er basert på at Guds dom er det endelige oppgjeret med det vonde og dermed blir alle frelst. Dersom det ikkje var nokon dom ville Gud vere likegyldig til dei undertrykte sine lidingar. Men han anser det som vesentlig å skilja mellom synda og syndaren, då kjærleiksloven frigjer overgriparane frå deira synderiske gjerningar. Han benektar ikkje helvete, men ved korshendinga overvann Kristus fortapinga sin intethet. (Leer-Salvesen, s 273, 2011).

Gravtalane snakkar ikkje om dommen som den som skal dømme nokon for deira synder. Det er snarare eit positivt lada begrep og som gjev håp for etterlivet. Dommen er generelt lite omtala i gravtalane, medan hjå Moltmann er dette eit sentralt begrep og den skal frigjera overgriparar frå synda si makt. Då Moltmann er avvisande til ein dobbel utgang av dommen, så er det viktig at Gud sin dom tek verda sine lidingar på alvor. Ugjerningsmennene kan ikkje lenger herska over sine offer. Prestane fokuserer ikkje på overgriparar og offer i sine

gravtalar, dei har meir fokus på dei relasjonelle forholda .

Skaparverket, menneske og gudsopenbaringa skal fullendast i gudsriket. Dette er ifølge Moltmann tilværet sitt endelige mål. Denne nyskapinga skal gjera alle ting nye, og det er ikkje snakk om noko apokalyptisk katastrofe for at gudsriket skal kome fram.(The Coming of God 2004, s 265) Nyskapinga får og konsekvensar for menneskesynet. Mennesket blir frigjort frå synda og frå lidning og død. Ifølge Moltmann blir mennesket i gudsriket verkeleg skapt i Guds bilete. Alle skal bli frelst til slutt og skaparverket skal nyskapast. Gravtale nr 13 er heilt i tråd med Moltmann sin teologi; "Hans oppstandelse fra de døde betyr noe avgjørende *alles* tilværelse."

Både gravtalane og Moltmann fokusera på gudsrelasjon i etterlivet. Håpet vert knyta direkte til sjølvrelasjon til Gud. Moltmann sitt gudsbilete er trinitarisk medan prestane snakkar om relasjonen til Faderen og Sonen. Kva Moltmann seier om relasjonane menneskea imellom er vanskeleg å forstå , bortsett frå at han snakkar om ei nyskaping, noko som kan tolkast som at dei pårørande skal møte avdøde igjen. Dette er og samanfallande med det som prestane forkynner i sine gravtalar.

Det vert forkynt om etterlivet i fleire av gravtalane og etterlivet blir beskriven i ulike termar, som "gudsriket" og "himmelen". Trua på etterlivet blir omtale i samanheng med Jesu oppstoda. Prestane forkynner at Jesu oppstoda gjev menneska håp for eit liv etter døden.

"Heller ikke her står det på Gud. Han kan vekke og kalle hver eneste sjel på jord. Og det gjør han".

"Det finnes ikke et menneske Jesus ikke døde for på korset"

"Jesus sto opp fra de døde. Jesus sigra over døden si makt. Han vil at me skal halda motet oppe, tru på han og ta vare på vona om det evige liv."

Desse sitata frå tre ulike gravtalar viser til den nære samanhengen det er mellom korshendinga og mennesket si oppstoda frå dei døde. Og det viser ei tydeleg håpsforkynning. Den oppstadne Jesus blir brukt for å gje mennesket håp om oppstoda. Det er tydeleg forkynt at det er Jesu oppstoda som er det sentrale i håpsforkyninga. Ingen av gravtalane seier noko om det er ein lekamleg eller åndeleg oppstoda. Ein av gravtalane samanliknar det med ein fødsel. Dette kan ein kanskje tenkje seg er av lekamleg karakter utan at dette blir uttrykt direkte. Oppstoda er av ein hinsidig karakter. Den har betydning for

dei pårørande men det er ingen av gravtalane som skriv om ei dennesidig oppstoda. Prestane har ei tydeleg forkynning av etterlivet, sjølv om det vert uttrykt i ulik grad. Det er ikkje nokon som stiller seg avvisande til trua på eit liv etter døden, sjølv om det hjå nokon prestar vert uttalt at ein ikkje kan vita kva som ventar seg men ein ber på eit håp om eit evigt liv. Begrep som "evigt liv" og "himmel" vert brukt om det hinsidige. Ingen av gravtalane brukar begrep som kan oppfattast vanskeleg for pårørande, slik som fortaping eller Gud dom over menneska. Dette skil gravtalane frå Moltmann sitt syn då han har ei anna forestilling om domen.

6.0. Samanfatning.

Avslutningsvis vil eg oppsummera korleis håpet vert forkynt i dei aktuelle gravtalane og korleis forstå dette ut frå Moltmann sin teologi.

I gravtalane vert det forkynt om ein kjærleiksfull Gud som har omsorg for alt det skapte og følger mennesket gjennom livet og som gjev mennesket håp i møte med døden. Gudsbilete er gjennomført relasjonelt og Gud ynskjer fellesskap med sine skapningar. Livet, naturen og tida blir framstilt som gode for menneska. Det å halda ein gravtale over avdøde bekrefta verdien av enkeltmenneske, og Guds kjærleik til alt det skapte.

Gravtalane og Moltmann vektlegg at Gud ynskjer å ha fellesskap med menneska. Begge har eit relasjonelt Gudsbilete. Det vert og forkynt om ein medlidande Gud men Moltmann har eit noko sterkare fokus på dette. Moltmann har og ein sterkare korssettret forkynnelse som kan sjåast i samanheng med hans eskatologiske skapelsesteologi.

Jesu liding og død vert framstilt på to ulike måtar; Jesus døydde for våre synder eller det vert sett på som ei solidariteserklæring. Gravtalane har mest fokus på at lidinga og døden er ein solidaritetserklæring. Dette kjem og fram i gravtalane, men der vert og omtala "for våre synder".

Det er noko ulike tolkingar av Jesu liding og død i materialet. I ein av gravtalane der det er ein ung mann som er død vert Gud omtala som ein med-lidande Gud. Oppstoda vert av begge partar nytta i håpsforkynninga. Ved Jesu oppstoda får mennesket håp om eit evig liv. Det viser til at Gud har makt over døden. Det er vidare eit gjennomgåande trekk at Gud vert framstilt som ein kjærleg Gud eller at han er kjærleik.

I den grad avdøde blir omtala i gravtalane, er dette i positive vendingar. Pårørande blir og trekt fram i forhold til å ha gode relasjonar til avdøde og at dei må ta vare på gode minner. Menneske vert framstilt som relasjonelt og begrensa. Dermed treng det både medmenneske og Gud. Moltmann har eit tredelt relasjonelt menneskesyn, medan prestane har eit todelt, dei forhold seg til Gud og medmenneska. Det er lite fokus på mennesket som syndar og dette ville bryta med Moltmann sin teologi. Dette er fordi han skil mellom overgripar og offer. Likevel vil eg tolka det til at både prestane og Moltmann beskriv synda som ein del av mennesket si begrensing.

Gravtalane brukar ulike beskrivelser på døden; NN forlèt oss, gjekk bort eller hjarta slutta å slå. Døden vert og omtala som uønskt og som står mot både Gud og mennesket. Berre i ein av talane blir den omtala som positivt. Der var avdøde 95 år og det vert uttrykt at "det var godt å få kvila". Likevel vert det og i denne samanhengen uttrykt som eit tap og ei sorg i forhold til pårørande. Men på tross av døden forkynner prestane eit håp som går ut på at døden skal overvinnast, og dreg parallellar til Jesu oppstoda. Moltmann hevdar at eit eskatologisk løfte om døden, kan forkynnast allereie dennesidigt. Men då løftet har ein foreløpig karakter er døden fortsatt ein fiende.

Prestane har ein relasjonell forkynnelse om døden. Då det er ein avskjed med pårørande så er det denne sin død som vert tematisert. Ein får eit relasjonsbrot der døden opptre som ein fiende. For å kunne forkynna håp er det den andre sin død som må fokuserast.

Prestane forkynner både eit dennesidigt og eit hinsidig håp. Prestane forkynner om ein Gud som følgjer mennesket gjennom livet og som ser dei pårørande som sørgjer. Dette er ein Gud som trøystar men det ber og i seg løfte om ei bedre framtid. Eit dennesidig håp vert kombinert med eit hinsidig håp. Der det berre vert forkynt eit dennesidig håp er dette i strid med Moltmann sin teologi. Dersom det ikkje er noko hinsidig løfte er det ikkje noko håp for at dennesidige tilvære kan forandrast.

Det skapelsesteologiske gudsbilete har ikkje noko skille mellom truande og ikkje-truande, det vert forkynt eit inklusivt håp. Der prestane brukar Joh. 3,16 kan dei likevel ha forkynt eit eksklusivt håp, - " kvar den som trur på meg skal ha evig liv". Det hinsidige håpet er eksklusivt for dei truande. Der det vert forkynt eit inklusivt håp innledningsvis i gravtalane blir det på ein måte ein logisk brist der gravtalen vert avslutta med eit eksklusivt håp.

Moltmann har eit inklusivt håp i sin beskrivelse av dødsriket.

6.1. Avsluttande refleksjon.

Ei gravferd er ei heilt spesiell oppleving. Den viser oss tydeleg at vi kjem til eit punkt der vi menneske ikkje kan gjera noko frå eller til. Den døde er for oss ugjenkallelig død. Ein slik erfaring set i gang tankar om livet, døden og Gud. Ein dag vil det skje kvar enkelt av oss. Korleis ynskjer vi å bli møtt. Den einaste virkelige trøyst mot døden er evangeliet om Kristus. Det budskapet me er satt til å forkynna er at kvar den som trur på Jesus skal ikkje gå fortapt men ha evig liv.

Presten si forkynning i ei gravferd er viktig då den kan få konsekvensar for sorgprosessen til dei pårørande og den seier noko om Den norske kyrkja sin teologi. Presten blir utfordra både som sjelesørgjar og forkynnar. Dette gjeld både under sørgesamtalen og i sjølv gravferda då ein møter folk i ein svært sårbar situasjon. Dette danna bakteppe for min undersøkelse av ulike gravtalar som vert nytta i gravferder rundt om i ulike kyrkjer.

Korleis forkynner prestane håp til dei etterlatne og kan ein forstå dette ut frå Moltmann sin teologi.

Det er viktig å presisera at gravtalar må forståast som ei enkel forkynning i ein bestemt situasjon og ikkje som ein fagteologisk tekst som fremjar eit bestemt teologisk system. Korshendinga blir framstilt som ein soningsdød for våre synder, men begrepet synd vert ikkje brukt i samanheng med straff. Ein kan likevel undre seg over korleis syndigheit blir motteken og tolka av dei pårørande midt i sorga og fortvilninga som dei befinn seg i. Det er viktig å tenkje over dette for prestar som forkynner ved gravferd.

Ut frå mitt materiale vert det forkynt om kjærleik i gravferder. Kjærleiken vert tydeleggjort på korset, samtidig som kjærleiken utfordrar menneska til handling, og guds kjærleik vert identifisert ved Kristus, han døydde for vår skuld og gav oss eit framtidshåp. Kristus blir framstilt som den som seirar over døden, og menneska blir lausreven frå desse "vonde kreftene". Både lidinga og døden vert i gravtalane framstilt som fiendar som står imot både Gud og mennesket. Lidinga og døden blir påført menneska fordi menneska er begrensa.

Gud vert framstillt som den som kan vinna over døden og flire av gravtalane henviser i denne samanheng til korset. Dette er ein sentral del av håpsforkyninga. Der mennesket si synd vert omtala, vert denne framstilt som ei vond kraft som menneska vert ramma av, og

som det kan verta befridd frå ved Kristi frelsesgjerning. Det vert ikkje framstillt som mennekset er skuldig i lidinga, døden eller synda, men menneska blir ramma av desse vonde kreftene fordi det er begrensa.

Når det gjeld teodicéspørsmålet så er det Gud som er på tiltalebenken og ikkje det syndige mennesket. Moltmann skriv om protesten mot Gud. Fokuset vert på mennekseheita som reagerar moralsk overfor Gud i møte med liding og død. Denne dreininga kan ein og finna igjen i gravtalane. Det medfører at Gud blir satt på tiltalebenken ogso viser seg i gravtalane. Er dette eit teikn på Guds vrede blir for sterk kost i gravferder og derfor set ein Gud på tiltalebenken ? Eg trur ikkje det. Eg trur at Jesus si stedfortredande soning for våre synder, vil vera det budskapet som best er i stand til å treffa sentralt i mennekse sitt liv, og påvirke deira gudsforhold.

Kva som gjorde at Gud blei menneske, kva skjedde på korset og kva med legg i soning for våre synder, er spørsmål me kan undre oss over og som det vil vera ulike teologiske forklaringar på . Me treng å lytta til evangeliet meir enn å koma med velformulerte svar. I gravferder vil det vera tenleg å ta utgangspunkt i omtalen av liv og død, samtidig som ein forkynner og Guds store kjærleik. Då kan ein løfte fram den avdøde og samtidig gje dei pårørande ein verdig avskjed. Ein forkynner eit håp om at kjærleiken er sterkare enn døde.

Etter å ha gått igjennom dei ulike gravtalane og sjølv beretta i ulike gravferder ville det ha vore interessant å gjort ei undersøking der dei pårørande hadde vorte spurde om korleis dei opplevde håpsforkynninga i gravferda. Når ein tenkjer mennesker ved hjelp av håp som kjelde , inspirasjon, kraft og trøyst skal prøve og møte og halde ut i krevande situasjonar er det av stor betydning av dette håpet vert formidla på ein god måte.

*Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje, at det må skje
-at tidi skal opna seg at hjarta skal opna seg
at dører skal opna seg at berget skal opna seg
at kjeldor skal springa
-at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida innpå ein våg me ikkje har visst um*

OLAV H. HAUGE / «DET ER DEN DRAUMEN»

Litteratur:

- Aalen, Leif: Dogmatisk grunnriss, Skrivestua Menighetsfakultetet, Oslo, 1982
- Bibelen, Bibelselskapet, Oslo, 2011, (NO 11)
- Boston Collaborative Encyclopedia of Western Theology; Jürgen Moltmann. Hentet fra <http://people.buedu/wwildman/bce/moltmann.htm> (17.10.2012)
- Det kongelige Kultur – og Kirke departementet, Prop.1.S. (2009-2010).
- Gudstjenesteboka for Den norske kirke, del II ” Gravferd – alminnelige bestemmelser”. Sist endret 9.november 2002, Jf.rsk. Kirkerådet 2/2003.
- Jakobsen, R. Nøtvik , Øierud, G. Ljones: Prekenbeskrivelse. Høyskoleforlaget 2009.
- Leer-Salvesen, Bjarte: Levende håp – en praktisk-teologisk analyse av 51 presters forkynnelse ved gravferd, Avhandling for graden PhD ved Universitetet I Agder, Kristiansand, 2011
- Marcel, G. (1965) “Sketch of a Phenomology and a Methaphysic of Hope” I Homo Viator. Introduction to a Methaysic of Hope, 29-67, Harper & Row Publishers, 3 oppl.
- Moltmann, J. Theology of Hope. On the ground and the implications of a Christian eschatology. Transl. Leitch, W. Minneapolis. First fortress Press edition, 1993.
- Moltmann, J. The Crucified God. The cross of Christ as the foundation and criticism of Christian Theology. First fortress Press edition, 1993.
- Repstad, Pål: Mellom nærhet og distanse. Universitetsforlaget 2007.
- Skjevesland, Olav; Broen over 2000 år. Luther forlag. Oslo 1981.
- Stormark, Jarle: Kropp og identitet, -og håpet om nyskapelse. AiT e-dit AS, Oslo 2008
- Wolff, H. W. Anthropology of the old testament, Philadelphia 1975 Fortress Press